



Lansering av KulNatur-appen til Meling skule fredag 8.september i Sønstabøvågen.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

# ÅRSMELDING 2017

---

BØMLO KOMMUNE

Rådhuset, Leirdalen 1

5430 Bremnes

Tlf.: 53 42 30 00

Faks: 53 42 30 01

Epost: [postmottak@bomlo.kommune.no](mailto:postmottak@bomlo.kommune.no)

Handsamt i formannskapet: 05.06.2018

Vedteke av kommunestyret: 18.06.2018 Sak: PS 67/2018

---

## INNHOLD

INNHOLD.....	2
POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGONGEN AV 2017.....	3
RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR .....	4
TEMASIDER.....	5
TEMASIDER.....	6
TEMASIDER.....	7
TEMASIDER.....	8
ORGANISASJON 2017 .....	9
ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT .....	19
SENTRALE STYRINGSORGAN.....	37
OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT.....	45
HELSE, SOSIAL OG OMSORG.....	54
TEKNISK AVDELING.....	61
KYRKJELEGE FØREMÅL .....	67

**POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING  
VED UTGONGEN AV 2017***Ordførar Odd Harald Hovland, Ap*

<b>POLITISK</b>		
Odd Harald Hovland	(Ap)	Ordførar
Morten Helland	(KrF)	Varaordførar
Ragnhild Ravna Skjærvik	(Ap)	Leiar utval for oppvekst, kultur og idrett
Karsten Fylkesnes	(KrF)	Leiar utval for areal og samferdsel
Hans Otto Robberstad	(Ap)	Leiar utval for helse og omsorg
Annbjørg Legland	(H)	Leiar Bømlo eldreråd
Birgit Sønstabø Esperø	(KrF)	Leiar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Sonja Hellen Sele	(H)	Leiar Kontrollutvalet
<b>ADMINISTRATIV</b>		
Geir E. Aga		Rådmann
Kjell Magnar Mellesdal		Kommunalsjef helse, sosial og omsorg
Bjørn Håvard Bjørklund		Kommunalsjef oppvekst, idrett og kultur
Aud Gunn Løklingholm		Organisasjonssjef/assisterende rådmann
Jarle Nakken		Økonomisjef
Toralf Meling		Teknisk sjef
Simon Knutsson Sortland		Kommunikasjonsrådgjevar/nettredaktør
Revisjon		Deloitte AS

## RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Det økonomiske resultatet for 2017 er litt betre enn budsjett. Det er likevel svakare enn det fylkesmannen tilrår som er 1,75% av brutto omsetnad. Resultatet utgjer ca 1% av omsetnaden. Eg er likevel nøgd med at vi har opparbeidda oss fond dei siste åra og at me også for 2017 har høve til å setje av til fond.

Endring av inntektssystemet har gitt kommunen svakare rammevilkår. Dei to siste åra er Bømlo ei av dei kommunane med lågast realvekst i Hordaland. Me har likevel klart å effektivisere drifta slik at me har funne plass til nokre nye tiltak. Det største tiltaket er etablering av Haugen bufellesskap for personar med utviklingshemming. Det er også etablert eit nytt bufellesskap for einslege mindreårige. Dette er finansiert med integreringsmidlar.



Rådmann Geir E. Aga

Dei fleste verksemndene ligg innanfor budsjett. I seksjonen for oppvekst, kultur og idrett er det først og fremst barnevern som har negativt avvik. I tillegg har det vore utfordringar for Svortland skule og Bømlo vaksenopp-læring med omsyn til oppfølging av barn med spesielle behov og høgt tal deltagarar ved introduksjonsprogrammet. Resultatet i seksjonen for helse og omsorg må sjåast i samanheng med sterke auke i refusjonen for ressurskrevjande brukarar. Ut over det har me avvik ved Søra Bømlo omsorgsområde og ved NAV. Det siste har m.a si årsak i høg vekst i utbetaling av sosialhjelp. Når det gjeld Søra Bømlo omsorgsområde er årsaka samansett, men det har m.a samanheng med brukarsamansetjinga og ulike ekstraordinære behov.

Me har bak oss eit år med dei høgaste investeringane me har hatt nokon gong. Ny Bremnes ungdomsskule og nytt Bømlo basseng vil bli opna tidleg i 2018. Det meste av investeringane er finansiert med lån. Dette aukar lånegjelda vår. Det vil i tida framover heilt klart vere trøng for å redusere investeringstakten for å sikre at kommunen har ein viss handlefridom ved auka rentenivå. Dette tilseier at ein del av låneporføljen vår bør ha fast rente slik at me ikkje eksponerer oss for sterkt for generell renteauke.

Det var rekordhøg aktivitet i Bømlopakken i 2017, med ferdigstilling av tre nye anlegg: Stokkabekken-Siggjarvåg, Røyksund bru og Tjong-Løvegapet. Dette gjer kvar dagen lettare for mange, både folk flest og ikkje minst næringslivet. God infratruktur er eit av dei viktigaste rammevilkåra for vekst og utvikling i næringslivet.

Me ser no teikn til betring for lokalt næringsliv og arbeidsløyetala er markert redusert i 2017. Arbeidet med utviding av næringsområdet i Rubbestadneset er i gong og Unitech sitt test- og forskingssenter er under bygging. Ny fiskerihamn i Hovlandshagen har kome inn i Norsk transportplan (NTP) med realisering frå 2024. Det er no sett i verk eit arbeid for å kunne forskottere denne realiseringa. Elles er arbeidet med rullering av kommuneplanen så vidt starta. Me har også sett i verk ein prosess med korleis kommunen sitt sentrum skal utviklast gjennom ein eigen stadanalyse. Dette vil bli følgd opp i 2018.

Eg oppfattar at det er brei semje om at kommunen skal ha fokus på førebyggingsperspektivet og prioritere tidleg innsats. Vaksentettleiken i skulen på dei lågaste trinna er styrka. Fleire prosjekt innan helse og omsorg har klare førebyggingsperspektiv. Kommunen sitt folkehelsedokument er styrande for desse prioriteringane. Eit rett folkehelseperspektiv tyder at me også har fokus på dei som er friske og korleis me sikrar at alle tek vare på helsa si. Eg er difor veldig nøgd med det engasjement me møter ute i bygdene i våre dialogmøter om stadsutvikling i vid forstand.

Rådmannen vil takke våre tilsette for engasjement og innsats i året som har gått. Eg opplever kvar dag kvalitetsbevisste og dyktige medarbeidarar som har klart og tydeleg brukarfokus. Eg er stolt over å leie denne organisasjonen. Eg vil også takke politisk nivå for tillit og for inspirerande samarbeid også i 2017.

**Bømlo kommune**

**Geir E. Aga**

**Rådmann**

## TEMASIDER TEKNISK

### SAMANSVEISA GJENG PÅ TEKNISK



—Prosjektileiar John N. Nesse (t.v) hadde omvising på nye Bremnes ungdomsskule for kollegane på teknisk avdeling som var storleg imponert. Her er dei samla i det nye personalrommet med god utsikt mot Grimsfjellet. (Foto: Simon K. Sortland)

- Me er ein godt samansveisa gjeng som hjelper kvarandre så godt me kan. Eg føler me har eit veldig godt arbeidsmiljø her på avdelinga, seier teknisk sjef Toralf Meling.

Han har fjorten dyktige kollegaer fordelt på byggesak og deling, oppmåling, prosjekt, eigedomsskatt, plan, landbruk og miljø. Dei driftar også teknisk kundetorg.

- Me har hatt stor aktivitet innan bygg og plansaker, og har eit ynskje om å få styrka kapasiteten vår på handsaming av regulerings-planar. Med Bømlopakken, ungdomsskulen, fiskerihamna og Unitech-satsinga i Rubbestadneset har det vore heise travelt i 2017, slår Meling fast.

#### Klimaendringar

- Lovverket me må forhalda oss til endrar seg stadig, så det er ein stor jobb å holde seg oppdatert. Det nye er korleis me må forhalda oss til klimaendringane i planleggingsarbeidet, noko som i langt større grad enn tidlegare får betydning i både kommune- og reguleringsplanarbeid, fortel Elisabeth Gjerde.



- Me må svara og hjelpe kundane med smått og stort, både oppgåver me har ansvar for og mykje anna, fortel Magne Nese.  
(Foto: Simon K. Sortland)

Ho er fagansvarleg for byggesak- og deling. Gjerde skryt over dyktige kollegaer. Dei handsamar over 600 ulike saker årleg, alt frå byggjesøknadar og frådelingssaker. Dei tildeler adresser og oppdaterer kart med nye bygg for matrikkelen, og har også ansvar for utsleppssøknadar, tilsyn og oppfølging.

#### Nye kart og oppmålingsbil

- i 2017 fekk me både ny oppmålingsbil og nye kart, mellom anna ortografikart (flyfotos). Det synest me var veldig kjekt, og no ventar me på samlinga over historiske flyfoto skal bli klar, opplyser fagansvarleg Lise Notland på kart- og oppmåling. Ho fortel at dei seinare åra har dei nesten klart å få vekk ventetida ved avdelinga.

#### Omfattande planarbeid

- Det har vore mange reguleringsplanar, ikkje minst for naustområde, i tillegg til dei tre store plansakene med nye Bremnes ungdomsskule, fiskerihamna og industrifeltet i Rubbestadneset. Plan er eit stort og omfattande fagområde, så me er heldige som har stabile folk og får bygd opp kompetansen i avdelinga, fortel landbruks- og miljøsjef Njål Gunnar Slettebø som og har fagansvar for plan. I tillegg har dei landbruks- og miljøsakene - samt ansvar for veterinærvakta i Bømlo, Stord, Fitjar og Austevoll. Det er og gledeleg at landbruket har halde seg så stabilt dei siste åra.

## TEMASIDER KULTURSKULE

### KULTURSKULEN GIR BORNA GODE RAMMER



Kulturskuleelevarane gir oss store opplevingar innan musikk, kunst, teater og dans året rundt. Våre born og unge får oppleve meistring og ha kjekke og sunne fritidsaktivitetar.

Bømlo kulturskule med sine 16 tilsette fekk i 2017 ein ny rammeplan å forhalda seg til, ei halv stilling for vokal vart oppretta og i 2018 feirar dei 40-årsjubileet. Rektor Stein Høyland skal dagleg balansere krav og forventningar frå elevar, føresette og tilsette. Bømlo kulturskule har ca. 500 elevar og ca. 10 årsverk fordelt på 16 personar. Han er difor glad for den nye rammeplanen Norsk kulturskuleråd vedtok i 2017.

Den fordrar utarbeidning av fagplanar for å sikra trygg og god drift ved kulturskulane. Alle kulturskulane i Sunnhordland har samarbeidd om dette.

- Gode fagplanar skal sikra at både me som leverer tenester og elevane som mottek dei, og ikkje minst dei føresette, får klare retningsliner om kva ein kan forventa og kva krav som vert stilt begge vegar. Så det er ei stor forbetring, meiner Høyland. Kanskje kan det og bidra til at færre unge hoppar av fritidsaktivitetar.

#### Ny vokalstilling



Bømlo kulturskule tilbyr undervisning i song, teater, dans, visuell kunst, blåseinstrument, strykeinstrument, gitar, piano og kyrkjeorgel samt tilrettelagt undervisning. Det er ventelistar ved fleire av linjene, medan andre har ledig kapasitet.

Det er no ca. 200 på ventelistene. Ein stor del av staben ved kulturskulen er særskilt utdanna. Høyland synes det er ein flott stab han har, og ser det som ei stor føremon å ha flest mogleg 100%-stillingar slik at folk søker seg til og vert buande på Bømlo.

I 2017 delte dei opp pianostillinga til i ei vokalstilling og ei pianostilling i 50% kvar. Det var stor glede då rubbar Arne Kvarven byrja i vokalstillinga. Linja vart fullbooka på kort tid, og det er no ventelister. Det er no også ventelister på pianoundervisninga.

Vokalpedagog Arne Kvarven trivst i Bømlo kulturskule. (Foto: Simon K. Sortland)

- Vårt store ynskje er å auka opp begge desse stillingane til 100%, slik at me kan få dekkja etterspurnaden og få starta opp eit barne- og/eller ungdomskor, seier rektor.

- Me ville heim til Bømlo som me ser som ein god og trygg plass for borna å vekse opp. I jobben føler eg at eg får bruke alt i frå utdanninga mi. Her er dyktige og gode kollegaer å diskutere fag med. Eg stortrivest her. Det seier Arne Kvarven som har seks år utdanning innan klassisk song og i tillegg pedagogikk.

Bømlo kulturskule feirar 40 år i 2018, noko som sjølv sagt skal markerast av dei vel 500 elevane og 16 tilsette i slutten av april med festførestelling i storsalen, workshops og open dag for å reklamera for tilboda ved kulturskulen.

## TEMASIDER SKULE

### JOBBAR FOR GODE FELLESOPPLEVINGAR



Biblioteket er populært. (Foto: Simon K. Sortland)

- Me jobbar for å skapa gode fellesopplevingar i og rundt skulen. Meling skule er velhalde, uteanlegget er flott og arbeidsmiljøet er veldig bra med ein kompetent og stabil stab, seier rektor Christin Klubben.

Meling er ei bygd i vekst, og det kjem også skulen til å merka framover. Skuleåret 2017/2018 er det 125 elevar og 21 tilsette fordelt på ca. 17,5 årsverk. Meling skule har i fleire år pilotert prosjektet Språkløypa saman med Gilje og Våge skular. Dette har verka svært positivt på leseopplæringa.

- Biblioteket er svært viktig for oss, og me har difor nyttet ein del midlar på opprusting. Me har ein lærar med vidareutdanning i lese/skriveopplæring, og legg til rette for gode leseopplevingar.

Å skapa gode fellesopplevingar på alle område både ute og inne vert vektlagt for å skapa eit trygt og godt skolemiljø. Trivselsleiarordninga, open skule kvar haust der 1.-4. trinn og 5.-7.-trinn har kvar sin kveld i høve TV-innsamlingsaksjonen og ei årleg temasamling i regi av elevrådet og FAU er svært populære. I 2017 var tema mobbing.

Rektor er også godt nøgd med samarbeidet med driftsoperatørane, og nyleg tok dei i bruk eit nytt og lyst møterom oppe på hemsen.

Både ipad og kuleramme vert nytta i undervisninga.

(Foto: Simon K. Sortland)



#### Stort digitaliseringsprosjekt

- Staben har god digital kompetanse, og målet vårt er at alle elevar skal ha eigen ipad/pc. Hjå oss er det pedagogen som styrer verktyet, og ikkje omvendt.

Fredag 8. september var det lansering av appen KulNatur i Sønstabøvågen der 5.-7. klasse hadde flott program med tale, gjester og kake. Bremnes Seashore har støtta prosjektet med midlar til eiga skyløysing. I fleire år har skulen arbeida med prosjektet KulNatur for å opne opp nye og utvida delingsrom for kulturopplevingar i vår kommune.

- Me tek i bruk moderne datateknologi: feltarbeid med ipad, bruk av multimodalt tekstverktøy (kombinasjonar av verbaltekst, film og lyd) og utprøving av ulike LMS m.m., fortel prosjektleiar Reidar Høyland.

## TEMASIDER OMSORG

### AKTIVITET OG TRIVSEL I SØRA BØMLO OMSORGOMRÅDE

- Søra Bømlo omsorgsområde har integrerte tenester, dvs at heimetenestene og drifta av institusjonen er samla. Det gjer at me kjenner alle brukarane, og at ein kan inkludera dei som bur i heimane når noko skjer inne på omsorgstunet, seier verksemdeiar Torhild Siggervåg.

Det er 12 sjukeheimslassar på omsorgstunet med bebuarar frå heile kommunen. I tillegg 6 daglassar kvar torsdag. Området har integrerte tenester, slik at dyktige fagpersonar kan gi god helsehjelp i alle deler av omsorgstrappa.



Stor trivsel i fellesstova ved Søra Bømlo omsorgstun. (Foto: Simon K. Sortland)

Det vert lagt opp til at brukarane skal bu lengst mogleg heime, og førebygging er ein viktig faktor i denne samanheng. Når det skjer ting inne på omsorgstunet, t.d. undervisning i fallførebygging og brannvern, vert heimebuande invitert inn til omsorgstunet. Det gjeld også når det er underhaldning på gang.

Innoveringa frå og samarbeidet med skular, barnehagar og friviljuge lag og organisasjoner gjer omsorgstunet til ein viktig faktor i nærmiljøet på Langevåg.

- Tysdagskaffien er sær populær då det også er ope for naboane og bygdefolket, fortel Siggervåg. Elles har me basar, folk som spelar og syng, og mange andre inne og uteaktivitetar. Kjekt er det også med ungdomsskuleelevarane frå Bremnes og Hillestveit som i valfaget «Innsats for andre» er med oss på mange ulike aktivitetar.

#### Kanonkjekt

- Å jobbe i heimesjukepleien er kanonkjekt, og eg skjørnar ikkje kvifor ikkje fleire vil ha sommarjobb her, seier hjelpepleiar Bjørg Hinderlid Lønning. Ho er innom fellesstova og helsar på bebuarar som synes det er kjekt her på omsorgstunet.


- Heimesjukepleien har basen på omsorgstunet, men er ute på vegane dag/natt/helg/høgtid for at dei skal føle seg trygge i heimen. Dei som jobbar i heimesjukepleien er flinke fagpersonar, mange med vidareutdanning. Ein har merka at pasientane blir utskrivne frå sjukehuset tidlegare enn før, noko som medfører spennande arbeidsoppgåver som krev kompetanse.



Blide aktivitarar. (Foto: Torhild Siggervåg)

Siggervåg rosar dei tilsette for innsatsen og deira fleksible haldning for å få løyst oppgåvene både inne og ute.

## ORGANISASJON 2017



## Arbeidsgjevarfunksjonen og kommunal personalpolitikk

Tabellen nedanfor syner utviklinga frå 2012 til 2017 når det gjeld lønsutgifter (i heile tusen kroner).

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Samla lønsutgifter</b>	<b>449 035</b>	<b>481 511</b>	<b>509 399</b>	<b>530 443</b>	<b>556 814</b>	<b>601 050</b>
Av dette løn i faste stillingar	275 310	286 403	306 715	324 949	342 257	367 963
Særskilde tillegg til løna	25 423	27 810	29 123	28 230	29 736	31 885
Ekstrahjelp og overtid	10 243	12 467	12 669	12 720	12 767	16 562
Godtgjersle til folkevalde	2 107	2 243	2 114	2 318	2 234	2 314
Andre lønsutgifter	34 221	43 386	44 597	41 834	44 893	45 623
Introduksjonslønn og kvalifiseringsgodtgjersle	4 187	3 840	4 642	6 351	8 780	14 103
Pensjon og arbeidsgjevaravgift	94 607	105 362	109 540	114 041	116 147	122 600
Vekst i lønsutgifter	30 578	32 476	27 889	21 044	26 371	44 236
Vekst i %	7,3	7,2	5,8	4,1	5,0	7,9

Kommentar til tabellen: Tala som kjem fram under Pensjon og arbeidsgjevaravgift er inklusiv premieavvik og uttak fra premiefondet i KLP.

## Auke i brutto lønskostnader, tariffrevisjonen og lokale lønsforhandlingar

Tilsette som hører til HTA kap 4 vert omfatta av sentrale forhandlingar og får mesteparten av si lønsauke framforhandla sentralt. Tariffoppgjeret for 2017 var eit mellomoppgjer og det var lokale forhandlingar for tilsette i kap 4.

Forhandlingar for tilsette i kapittel 3 (verksemdleiarar) og i kapittel 5 (tilsette som ikkje er omfatta av sentral lønsregulering) skal kvart år førast på sjølvstendig grunnlag, etter visse kriteria og utan føringar frå sentralt hald. I samsvar med forhandlingsføresegnene vart det i 2017 gjennomført lokale forhandlingar for tilsette innan kap. 3, pkt. 3.4.2. og kap. 5.

For tilsette i heile KS sitt tariffområde (kommunar og fylkeskommunar) har det vore ei gjennomsnittleg års-lønsvekst frå 2016 til 2017 på 2,5%. Lønnsoverhenget til 2018 er i fylge TBSK (Teknisk beregnings- og statistikkutvalg for kommunesektoren) 1,4% i gjennomsnitt for alle kommunalt tilsette.

For stillingar i kap 4 var årslønsveksten på 2,4 % med eit lønsoverheng til 2017 på 1,5 %.

Årlønsveksten for stillingar med berre lokal lønsfastsetjing var i tariffområdet på 2,9% for stillingar løna etter HTA kapittel 3.4 og 3% for stillingar løna etter HTA kapittel 5. Lønnsoverhenget til 2018 for stillingar i både kap 3.4 og kap 5 er på 0,9%.

Ei anna sentral årsak til lønsveksten er auka aktivitet. To nye bufellesskap er etablert, Laurhammar II og Hauge.

## Opplæring

Det vart gjennomført fylgjande felles opplæringstiltak i 2017:

- Grunnopplæring i arbeidsmiljø (40-timars kurs)
- Varsling
- 10-Faktor – medarbeidarundersøking, kurs i regi av KS
- 10-Faktor – medarbeidarundersøking, internkurs for leiarar, tillitsvalde og verneombod
- Innføring av nye rutinar for oppfylging av sjukmelde
- Opplæring i Hovudavtalen
- Kurs i samtalemetodikk

Kurs og kompetanseheving vart og gjennomført i verksemndene eller seksjonane.

## Sjukefråvær og attføring


Samla sjukefråvær i 2017 var på 6,73% mot eit fråvære på 6,95% i 2016.

Bømlo kommune budsjetterer ikkje med utgifter til sjukevikarar. Me budsjetterer heller ikkje med inntekter knytt til sjukelønsrefusjonar. I 2017 fekk Bømlo kommune totalt 19,26 mill. kroner i sjukelønsrefusjonar mot 16,91 mill. kroner i 2016. Desse inntektene kan nyttast til å dekka kostnader til sjukevikarar. Arbeidsgjevar får som hovudregel ikkje refusjonar for fråvær dei første 16 dagane. Vikarutgifter i arbeidsgjevarperioden er difor ikkje direkte finansiert, og må då finansierast innanfor ordinære rammer. Det same gjeld utgifter til feriepengar som berre delvis vert refundert samt utgifter til pensjon som ikkje vert refundert i det heile.

Tilsvarande gjeld ved fødselspermisjon. Bømlo kommune fekk totalt 9,31 mill. kroner i fødselspermisjonsrefusjonar i 2017 mot 7,86 mill. kroner i 2016.

### Samla sjukefråvær i % av moglege dagsverk:

Tabellen under syner utviklinga i samla sjukefråvær i kommunen frå 2011 – 2017





Som tabellen syner har det vore reduksjon i sjukefråværet i Bømlo kommune frå 2016 til 2017.

I 2017 var det avtalt totalt 187 004 dagsverk og det var registrert 12 592 dagsverk med sjukefråvær. Tilsvarande tal for 2015 var 179 820 avtalte dagsverk og 12 501 dagsverk med sjukefråvær. Dette gjev ein fråværsprosent i 2017 på 6,73 % mot 6,95 % i 2016.

**Korttidsfråvær (fråvær inntil 16 dagar) i dagsverk år:**

Korttidsfråværet var på om lag 3 712 tapte dagsverk. Dette er noko høgare enn i 2016, der korttidsfråværet var på om lag 3 517 tapte dagsverk. Figuren under syner utviklinga.

**Langtidsfråvær (fråvær over 16 dagar) i dagsverk år:**

Bømlo kommune hadde 8 880 tapte dagsverk i 2017 grunna langtidssjukdom (fråvær over 16 dagar). Dette er ein reduksjon på 100 dagsverk frå 2016 då det var 8 980 tapte dagsverk grunna langtidsfråvær.

Samanlikningstal fråvær fordelt på sektor og kjønn i prosent av avtalte dagsverk

	Bømlo 2015			Bømlo 2016			Bømlo 2017		
	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %
<b>Samla fråvær</b>	<b>7,13</b>	<b>0,98</b>	<b>6,15</b>	<b>6,95</b>	<b>0,99</b>	<b>5,96</b>	<b>6,73</b>	<b>0,98</b>	<b>5,76</b>
Kvinner	7,34	0,98	6,36	7,37	0,96	6,41	6,82	0,99	5,82
Menn	6,22	0,99	5,23	5,02	1,08	3,95	6,40	1,08	3,95
<b>Helse og sosial</b>	<b>8,81</b>	<b>1,05</b>	<b>7,76</b>	<b>8,50</b>	<b>0,95</b>	<b>7,55</b>	<b>8,48</b>	<b>1,02</b>	<b>7,46</b>
Kvinner	9,04	1,06	7,98	8,62	0,95	7,66	8,44	1,03	7,42
Menn	4,98	0,84	4,14	6,53	0,87	5,66	8,91	0,98	7,93
<b>Opp-vekst</b>	<b>5,16</b>	<b>0,91</b>	<b>4,25</b>	<b>5,65</b>	<b>1,02</b>	<b>4,63</b>	<b>5,13</b>	<b>0,92</b>	<b>4,21</b>
Kvinner	5,7	0,89	4,81	6,37	0,98	5,39	5,31	0,96	4,35
Menn	3,02	0,97	2,05	2,83	1,15	1,68	5,17	0,84	4,33
<b>Teknisk</b>	<b>13,07</b>	<b>1,22</b>	<b>11,85</b>	<b>7,48</b>	<b>1,05</b>	<b>6,43</b>	<b>7,21</b>	<b>1,10</b>	<b>6,11</b>
Kvinner	4,91	2,02	2,89	2,89	1,66	1,23	5,08	1,48	3,60
Menn	14,64	1,07	13,57	8,40	0,93	7,47	7,63	1,03	6,61
<b>Sentral-adm.</b>	<b>5,13</b>	<b>0,84</b>	<b>4,29</b>	<b>5,15</b>	<b>0,96</b>	<b>4,19</b>	<b>3,90</b>	<b>0,83</b>	<b>3,07</b>
Kvinner	6,14	0,72	5,42	4,79	0,74	4,05	3,60	0,80	2,80
Menn	3,07	1,06	2,01	5,84	1,37	4,46	4,45	0,89	3,56

Bømlo kommune har hatt ein reduksjon i sjukefråværet frå 2016 til 2017 med 0,22 prosentpoeng.

Helse- og omsorgssektoren har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 0,02 prosentpoeng medan oppvekst har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 0,53 prosentpoeng. Teknisk sektor har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 0,27 prosentpoeng samanlikna med 2016. Tilsvarande tal for sentraladministrasjonen syner ein reduksjon på 1,25 prosentpoeng.

## Inkluderande arbeidsliv

Kommunen har fleire arbeidstakrarar som har vanskar med å stå i den stillinga dei i utgangspunktet er tilsett i. Det er ei målsetting at slike saker skal finna si løysing i det daglege arbeidet ute på arbeidsplassane. Oppfølging av sjukmeldte krev kontinuerleg arbeid. Fleire saker er løyst ved å finna anna høveleg arbeid. Å ha tett samarbeid med NAV er viktig, særleg når det vert stilt strengare krav til oppfølging og tilrettelegging for tilsette med helseproblem.

**Bømlo kommune har følgjande mål for sitt IA-arbeid:**

- 1) Redusera sjukefråværet til under 5,4%
- 2) Tilrettelegge for eigne tilsette/og andre som får helseproblem/har funksjonshemning.
- 3) Tiltak som inspirerer til å stå i arbeid lengst mogleg etter fylte 62 år.

**Tilrettelegging:**

Innsatspunktet inneholder både oppfølging av sjukmeldte og det førebyggjande arbeidet for å hindre at personale blir sjukmeldt. I 2017 fekk Bømlo kommune utbetalt kr 406 637 i tilretteleggingstilskot frå NAV. Til samanlikning fekk ein i 2016 utbetalt kr 601 200 i 2015 kr 609 299 og kr 1 104 405 i 2014.



*Trivselprisen 2017 gjekk til Bømlo heimetenester, t.v. verksemdsleiar Hilde Markus. (Foto: Simon Knutsson Sortland)*

Tilskotet var delt på 10 ulike ansvarsområde mot 8 ulike ansvarsområde i 2016, 15 ulike ansvarsområde i 2015 og 12 ulike ansvarsområde i 2014. Bømlo kommune fekk tilsegn om kr 522 892 i tilretteleggingstilskot for 2017 mot kr 501 989 i 2016. Til samanlikning var tilsvarende tal for 2015 kr 913 141, 2014 kr 620 000, 2013 kr 725 000, 2012 kr 645 000, 2011 kr 600 000 medan tilskotet for 2010 var kr 305 000. Innvilga tilskot for 2017 var til 18 søknader på individnivå og to søknader på gruppenivå.

I tillegg har kommunen fått om lag kr 1 020 000 i ulike lønntilskot og tilskot til praksisplassar. Tilsvarende tal for 2017 var kr 962 000. Bedriftshelsetenesta (YSST HMS) og kontaktpersonen i NAV vert også nytta i samband med opplæring i IA-avtalen og oppfølgingssaker.

Bømlo kommune har til ei kvar tid fleire personar i praksisplassar. Personar som av ulike grunnar er utanfor arbeidslivet får her høve til å få praksis som kan gje det lettare å koma i ordinært arbeid seinare. Dette er eit arbeidsmarknadstiltak som ikkje er retta mot eigne tilsette, og vert formidla via NAV.



**HMS plan**  
  
Helse, miljø og sikkerheit  
26.11.2016  
Rådmannen  
Vedteke i AMU 29/11/2016

**Arbeidsmiljø**

Bømlo kommune har eigen HMS-plan som gir rammer for HMS-arbeidet i kommunen. Det skal gjennomførast årlege vernerundar ved alle verksemder og medarbeidarundersøking annakvart år for alle tilsette i Bømlo kommune. Bømlo kommune nyttar KS si medarbeidarundersøking 10-FAKTOR. Det vart ikkje gjennomført medarbeidarundersøking i 2017. I tillegg skal alle tilsette og få tilbod om årleg medarbeidarsamtale.

For å sikra eit godt samarbeid med verneombod og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidsmiljø og sjukefråvær skal det gjennomførast medråderettmøte i alle verksemder.

Bedriftshelsetenesta vert også nytta i samband med måling av inneklima. Det er halde fagsamlingar for verneomboda.

AMU behandla til saman 32 saker delt på tre møter i 2017.

## Likestilling

Etter likestillingslova §28 har kommunen plikt til å greia ut om likestilling i eiga verksemder.

Arbeidsgjevarar skal gjera greie for:

- a) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling i virksomheten, og
- b) likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å fremme lovens formål om likestilling uavhengig av kjønn.

Utgreiingsplikta gjeld for verksemder som i lov er pålagt å utarbeida årsberetning. Desse skal ta utgreiingane inn i verksemda si årsberetning.

Kommunen sin handlingsplan for likestilling har hatt verknad frå 01.01.02. Handlingsplanen er ei rettesnor for likestillingsarbeidet.

## Dagsverk

	2015	2016	2017
Avtalte dagsverk alle	170 041	179 820	187 004
Avtalte dagsverk kvinner	138 346	147 041	150 279
Avtalte dagsverk menn	31 695	32 780	36 725

I 2017 var 80,4% av avtalte dagsverk avtalt utført av kvinner. Tilsvarande tal for 2016 var at ca 81,7% av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner. Dette er ein svak reduksjon frå 2016. Menn hadde i 2017 19,6% avtalte dagsverk av totalt avtalte dagsverk i Bømlo kommune. Til samanlikning var 18,3% totalt avtalte dagsverk i Bømlo kommune i 2016 avtalt utført av menn.

## Leiarar

I Bømlo kommune var ein av fem toppleiarar kvinner i 2017. Kvinnedelen i strategisk leiding er slik berre 20%. Av 23 verksemdsleiarar er 19 kvinner og 4 menn. Dette tilsvarar ca 83% kvinner og 17% menn. I 2016 var fordelinga mellom kvinnelege og mannlege verksemdsleiarar på 87% og 13%. Trenden syner ei sterkt øke i del kvinnelege verksemdsleiarar i åra frå 2008 fram til 2017, då fordelinga i 2008 var 61,5% menn og 38,5% kvinner.

## Løn

Gjennomsnittsløn i verksemdsleiargruppa er kr 693 400 mot kr 677 600 i 2016. Dette er ein snittauke på kr 15 800. For dei kvinnelege leiarane er gjennomsnittsløna kr 690 600 mot kr 676 600 i 2016 som er ein auke på kr 14 000 sidan 2016. Mannlege leiarar tener no kr 701 400 i snitt, noko som er ein snittauke på kr 17 700 sidan 2016. Kvinnelege verksemdsleiarar tener i snitt om lag 98,5 % av det mannlege verksemdsleiarar tener. Skilnaden er noko auka samanlikna med 2016 då kvinnelege verksemdsleiarar tente om lag 99 % av det mannlege verksemdsleiarar tente.

	Alle 2016	Kvinner i Bømlo 2016	Menn i Bømlo 2016	Alle 2017	Kvinner i Bømlo 2017	Menn i Bømlo 2017
Toppleiarar		20 %	80 %		20 %	80 %
Verksemdsleiarar		87 %	13 %		83 %	17 %
<b>Løn:</b>						
Gjennomsnittleg årsløn for verksemdsleiarar i Bømlo kommune	677 600	676 600	683 700	693 400	690 600	701 400

## Fråvær

Helse og sosial hadde det høgaste fråværet med 8,48% i 2017. Dette er om lag på nivå med fråværet i 2016 som var på 8,5%. Det eigenmeldte fråværet i Bømlo kommune i 2017 er på 0,98 % som er ein svak reduksjon frå 2016 som hadde eit eigenmeldt fråvær på ca. 0,99%.

Sjuke born var grunnen til eit samla fråvær på 0,37 % av avtalte dagsverk i 2017. Dette er uendra frå 2016. Kvinner har 0,38% fråvær med sjuke born av avtalte dagsverk for kvinner medan menn sitt fråvær med sjuke born utgjer om lag 0,28% av avtalte dagsverk for menn.

## Seniortiltak

Bømlo kommune sine seniorpolitiske retningslinjer har vore i funksjon sidan 2002. Ved årsskifte hadde kommunen inngått senioravtale med 58 tilsette som er ein auke på 9 senioravtalar samanlikna med dei 49 avtalaane me hadde pr 31.12.2016. Dette var to senioravtalar meir enn i 2015 og 19 senioravtalar meir enn i 2014. Avtalaane er alternativ til AFP. Pedagogisk personell har eigen sentral seniorordning og er ikkje med i denne omtalen. Til saman 41 tilsette fylte 62 år i 2017. Dette er nær ei dobbling sidan 2016 då det var 22 tilsette som fylte 62 år. Det var og 22 tilsette som fylte 62 år i 2015. I 2014 og 2013 var det 21 tilsette kvart år som fylte 62 år. I 2012 var det 31 tilsette som fylte 62 år.

Å ha seniortiltak er ein del av IA-avtalen (Inkluderande arbeidsliv). Eksisterande intensjonsavtale om inkluderande arbeidsliv gjeld for perioden 4. mars 2014 til og med 31.12.2018.

Bømlo kommune har pr 4. kvartal 2017 30 tilsette i aldersgruppa 62-66 (utanom undervisningspersonale) som har tatt ut heil eller delvis AFP. Tilsvarande tal for 2016 var 33.

## ØKONOMI/FINANS HOVUDOVERSIKT

	REKNESKAP	Budsjett	Revidert	Avvik	REKNESKAP
	2017	B2017	RB 2017	Rev.b-Rekn. 2017	2016
<b>Inntekter- skatt, ramme m.m.</b>					
Skatt inntekt og eige	-318 473	-321 970	-322 128	-3 655	-337 164
Eigedomsskatt	-30 475	-30 630	-30 630	-155	-29 853
Rammetilskot: Inntektsutjamning	-15 619	-8 526	-8 526	7 093	3 547
Rammetilskot: Innbyggjar	-321 351	-321 648	-321 337	14	-317 231
Rammetilskot: Skjønn	-10 180	-9 700	-9 700	480	-14 500
Andre generelle statstilskot	-57 854	-41 988	-55 358	2 497	-37 056
<b>SUM inntekter - skatt, ramme m.m.</b>	<b>-753 953</b>	<b>-734 462</b>	<b>-747 679</b>	<b>6 274</b>	<b>-732 257</b>
<b>Netto rammer</b>					
Netto ramme seksjon 1 sentrale styringsorgan	45 964	47 187	46 841	878	43 482
Netto ramme seksjon 2 oppvekst og kultur	371 376	350 017	366 192	-5 184	347 895
Netto ramme seksjon 3 helse, sosial og omsorg	257 059	250 165	256 818	-241	238 691
Netto ramme seksjon 4 tekniske tenester	49 064	45 059	46 196	-2 868	45 509
Netto ramme seksjon 5 kyrkje, trudomssamfunn	8 472	8 481	8 481	8	8 278
Netto ramme seksjon 7 tilleggsløvving, ufordelt, premieavvik	-16 659	-7 745	-13 897	2 762	-14 838
Netto ramme seksjon 8 diverse inntekter/utgifter	-182	-637	-637	-455	-4 456
<b>Sum netto rammer i seksjonane</b>	<b>715 094</b>	<b>692 527</b>	<b>709 995</b>	<b>-5 100</b>	<b>664 560</b>
Avskrivningar	29 261	28 500	28 500	-761	27 904
<b>Sum før finanspostar inkl. avskriving</b>	<b>-9 597</b>	<b>-13 434</b>	<b>-9 184</b>	<b>413</b>	<b>-39 793</b>
Netto finanspostar ekskl sosiale lån	35 545	38 150	36 150	605	33 462
Motpost avskrivningar	-29 261	-28 500	-28 500	761	-27 904
<b>Sum etter finanspostar eksl. avskriving</b>	<b>-3 314</b>	<b>-3 784</b>	<b>-1 534</b>	<b>1 780</b>	<b>-34 236</b>
Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk tidlegare år	-21 977	0	-21 977	0	-6 422
Bruk disposisjonsfond	-275	0	-275	0	-6 422
Overføring til investeringsrekneskapen	0	0	0	0	200
Asett til bunde fond	2 318	0	0	-2 318	4 473
Avs.disp.fond	26 137	4 160	26 137	0	16 538
Bruk bundne driftsfond	-6 721	-376	-2 351	4 370	-2 530
<b>Rekneskapsmessige mindre/meirforbruk</b>	<b>-3 832</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 832</b>	<b>-21 977</b>

**Rekneskapsmessige mindreforbruk**

Som det går fram av oversikta, viser årsresultatet for Bømlo kommune eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 3,832 mill kr. I tillegg har kommunen sett av 4,160 mill kr til disposisjonsfond av dette året sitt mindreforbruk. Samla vart kommunen sitt mindreforbruk i 2017 på 7,992 mill kr.

**Inntekter (rammetilskot og skatt m.m.)**

Summen av inntektene skatt, inntektsutjamning, rammetilskot, og andre generelle tilskot frå staten viser eit positivt avvik på 6,3 mill kr.

**Skatt/inntektsutjamning:** Skatteinntektene svikta med 3,7 mill kr i høve til revidert budsjett. Kommunen fekk ein reduksjon i skatteinntektene på 5,5% mot ein vekst for landet på 4,5%. Grunnen til reduksjonen var stor eingongsinntekt i 2016. Kommunen sin skatteandel utgjer no berre 90,5% av landsgjennomsnittet. Dette er vesentleg lågare enn kva kommunen har hatt tidlegare år. Kommunen har hatt ein skatteandel på mellom 93% og 95% av landsgjennomsnittet. Då skatteveksten for landet vart høgare enn rekna med fekk kommunen kompensert deler av skattesvikten gjennom inntektsutjamninga (meirinntekt på 7,1 mill. kr). Netto skatt og inntektsutjamning ga dermed ei meirinntekt på 3,4 mill kr.

**Eigedomsskatt:** Eigedomsskatteinntektene vart om lag i samsvar med budsjettet med ei mindreinntekt på 0,16 mill kr. Skattesatsen i 2017 var uendra og var på 4 promille av skattegrunnlaget.

**Rammetilskot:**

Kommunen fekk skjønsmidlar frå Fylkesmannen med kr 50 000 etter søknad som kompensasjon for meirutgifter i 2016 til einslege mindreårige flyktningar. I tillegg fekk kommunen på slutten av året kr 430 000 utdelt av Fylkesmannen si restramme for skjønsmidlar 2017.

**Andre generelle statstilskot:**

Kommunen tok imot 52 flyktningar i 2017. Samla fekk kommunen 36,2 mill kr i statstilskot til dekning av utgifter ved busetting mm av flyktningane. I tillegg mottok kommunen særskilt tilskot til bersetting av flyktningar.

Deler av låneneutgiftene vert dekka av staten gjennom ordningane for rente – og avdragskompensasjon. I 2017 tok kommunen i mot 2,6 mill. kr mot forventa budsjettet 2,9 mill kr. Årsaka til avviket skuldast at rentenivået i Husbanken som styrer rentekompensasjonen var noko lågare enn rekna med ved budsjetteringa.

Tilskot	Rekneskap	Total budsjett	Avvik
Etableringstilskot Husbanken	-400 000	-400 000	-
Tilskot einslege mindreårige flyktningar	-16 163 183	-15 450 000	713 183
Tilskot alternativ mottakspllass	-335 880	-	335 880
Havbruksfondet	-615 357	-	615 357
Rente og avdragskompensasjon	-2 553 740	-2 870 000	-316 260
Ekstratilskot flyktningar	-1 563 809	-	1 563 809
Integreringstilskot	-36 222 425	-36 637 574	-415 248
<b>Sum generelle statstilskot</b>	<b>-57 854 394</b>	<b>-55 357 574</b>	<b>2 496 721</b>

**Netto finanspostar eksklusiv sosiale lån**

Finans	R2017	Budsjett 2017	Rev.budsjett 2017	Avvik rev.budsj/rekneskap	R2016
Renteutgifter lån	17 898	20 043	18 043	146	19 578
Låneavdrag	21 606	21 606	21 606	0	18 327
Renteinntekter	-2 385	-1 467	-1 467	917	-2 760
Renteinntekter startlån	-1 367	-1 774	-1 774	-407	-1 455
Renter andre fordringar, utbyte	-164	-183	-183	-19	-229
<b>Renter, utbyte og lån</b>	<b>35 588</b>	<b>38 225</b>	<b>36 225</b>	<b>637</b>	<b>33 462</b>
<b>Rente og avdragskompensasjon</b>	<b>-2 554</b>	<b>-3 350</b>	<b>-2 870</b>	<b>-316</b>	<b>-3 152</b>

Netto finanspostar viser eit mindreforbruk dette året på 0,6 mill. kr. Renteutgiftene viser mindreutgift på 0,1 mill. kr. Dette speglar seg att i renteinntektene som vart 1,2 mill kr høgare enn rekna med. Byggjeprosjekta til kommunen har blitt belasta med 3,6 mill kr i byggjelånsrenter.

**ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT**

	REKNESKAP	Oppr.budsjett	Rev.budsjett	Avvik	REKNESKAP
	2017	2017	RB2017	Rev.b-Rekn.	2016
Sum Driftsinntekter	-921 904	-853 495	-855 368	66 536	-893 569
Sum Driftsutgifter	912 296	840 020	846 144	-66 152	853 569
Brutto Driftsresultat	-9 607	-13 474	-9 224	383	-40 000
Sum Eksterne finansinntekter	-4 152	-3 511	-3 511	641	-4 473
Sum Eksterne finansutgifter	39 707	41 701	39 701	-6	38 142
Resultat Ekst. finantransaksjonar	35 555	38 190	36 190	635	33 669
Motpost avskrivningar	-29 261	-28 500	-28 500	761	-27 904
Netto driftsresultat	-3 314	-3 784	-1 534	1 780	-34 236
Sum bruk av avsetningar	-28 973	-376	-24 603	4 370	-8 953
Sum avsetningar	28 454	4 160	26 137	-2 317	21 212
Mindre/meirforbruk	-3 832	0	0	3 832	-21 977

Brutto driftsresultat = Driftsinntekter – driftsutgifter inkl. avskrivningar: 9,6 mill. kroner (positivt resultat). Dette er 0,4 mill. kr betre enn budjettert.

Netto driftsresultat = Brutto driftsresultat – finantransaksjonar – avskrivningar: 3,3 mill. kroner (positivt resultat) noko som utgjer 0,4% av driftsinntektene. Resultatet er 1,8 mill kr betre enn budjettert.

Tabellane under gir ein oversikt over avvika der seksjonane står for eit negativt avvik på 1,1 mill. kr. Dette er nærmere skildra under seksjonane i årsmeldinga.

<b>Årets resultat – avvik</b>	<b>Avvik</b>
	<b>i mill. kroner</b>
<b>Årsresultat:</b>	<b>3,8</b>
<b>Avviksforklaring:</b>	
Netto resultat Seksjon 1 sentrale styringsorgan	0,9
Netto resultat Seksjon 2 oppvekst og kultur	-5,2
Netto resultat Seksjon 3 helse og omsorg	-0,2
Netto resultat Seksjon 4 tekniske tenester	-2,9
Netto resultat Seksjon 5 kyrkjelege føremål	0,0
Netto resultat Seksjon 7 Pensjon, premieavvik og ufordelte utgifter	2,8
Netto resultat Seksjon 8 finansiering	-0,5
<b>SUM Seksjonane</b>	<b>-5,1</b>
Skatt på inntekt og eige	-3,7
Eigedomsskatt	-0,2
Ramme og statstilskot	7,6
Eksterne finanstransaksjonar (renter/avdrag)	0,6
Andre generelle statstilskot	2,5
Interne finanstransaksjonar (bruk av fond/avsett til fond)	2,1
<b>SUM skatt, rammetilskot og finanstransaksjonar</b>	<b>8,9</b>
<b>Totalt avvik i forhold til budsjett:</b>	<b>3,8</b>

## Endring fond

Detaljert oversikt over avsetnad og bruk av driftsfond (disposisjonsfond og bundne driftsfond) følgjer av note 6 i årsrekneskapen. Disposisjonsfonda vart auka med 25,8 mill kroner til 45,4 mill kr. Bundne driftsfond vart redusert med 4,6 mill. kroner i 2017 mens ubunde investeringsfond vart auka med 3,4 mill.kr. I tillegg hadde kommunen eit udisponert resultat på 3,8 mill kr. Ved årsskiftet utgjorde bundne driftsfond 7,9 mill. kroner. Ubunde investeringsfond var på 10,1 mill kr, bunde investeringsfond utgjorde 0,4 mill kr.

## Investeringar

Fordeling av investeringsmidlane mellom seksjonane følgjer av rekneskapsskjema 2B i årsrekneskapen. For ytterlegare informasjon om status på pågåande og avslutta investeringsprosjekt, sjå note 15 og oversyn over investeringsprosjekt i årsrekneskapen.

## Arbeidskapital/likviditet

Tabellen under syner utviklinga i arbeidskapitalen i kommunen dei siste 5 åra. Arbeidskapitalen er definert som omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld, og denne fortel korleis utviklinga i likviditeten har vore.

	2017	2016	2015	2014	2013
<i>Omlaupsmidlar:</i>					
Endring betalingsmidlar	-13 105	48 143	26 312	-10 698	-16 533
Endring kortsiktige krav	13 452	11 600	-8 415	8 477	8 197
Endring premieavvik	1 275	-3 130	-17 177	-712	8 315
<b>Endring omlaupsmidlar</b>	<b>1 622</b>	<b>56 613</b>	<b>720</b>	<b>-2 933</b>	<b>-21</b>
<i>Kortsiktig gjeld:</i>					
<b>Endring kortsiktig gjeld</b>	<b>-6 856</b>	<b>30 064</b>	<b>-39 886</b>	<b>32 627</b>	<b>12 134</b>
<b>Endring arbeidskapital (balansen)</b>	<b>8 478</b>	<b>26 549</b>	<b>40 606</b>	<b>-35 560</b>	<b>-12 155</b>

I oppsettet over endring arbeidskapital er endring av premieavvik teke med. Endringa i premieavviket er ikkje kortsiktig likviditetsoppbygging då denne skal fordelast over 15 år/10 år/7 år. Kommunen sin arbeidskapital har blitt styrka i 2017. Ved årsskiftet er arbeidskapitalen 78,3 mill kr. inkl premieavviket, reell likviditet ekskl premieavvik er 47,9 mill kr.

Tabellen under syner korleis dei likvide midlane har utvikla seg dei siste åra. Desse er sett opp mot netto kortsiktig gjeld – kortsiktige krav ekskl premieavviket.

	2017	2016	2015	2014	2013
Bankinnskot	92 357	105 462	57 320	31 007	41 706
Skattetrekksmidlar	17 737	16 454	15 804	15 896	14 850
<b>Disponible bankinnskot</b>	<b>74 620</b>	<b>89 008</b>	<b>41 516</b>	<b>15 111</b>	<b>26 856</b>
Ubrukte lånemidlar	18 999	13 189	25 175	3 875	34 031
<b>Kjernelikviditet</b>	<b>55 621</b>	<b>75 819</b>	<b>16 341</b>	<b>11 236</b>	<b>-7 175</b>
<b>Kortsiktig krav- premieavvik – kortsiktig gjeld+skattetrekks- gjeld</b>	<b>-26 774</b>	<b>-64 818</b>	<b>-30 550</b>	<b>-61 927</b>	<b>-38 823</b>
<b>Sum overskotslikviditet</b>	<b>28 847</b>	<b>27 938</b>	<b>-14 209</b>	<b>-50 691</b>	<b>-45 998</b>

## Låneporteføljen – årsrapport i samsvar med finansreglementet

Låneporteføljen har eit samla volum på 824 mill. kr ved årsskiftet. Av samla lånevolum utgjør fastrentedelen 70,9%. Låna er i all hovudsak etablert med lang løpetid og dette medfører låg refinansieringsrisiko. Gjennomsnittleg porteføljerente er 2,51%. Kommunen sitt finansreglement har ikkje vore brote i perioden og dei interne rutinane for etterleving av finansreglementet er følgt. Lånemarginen i Kommunalbanken AS har i perioden blitt redusert med 0,1% og utgjer no 0,60% på NIBOR 3 mnd. flytande rente. Utviklinga i låneporteføljen i 2017 går fram av tabell under samanhalde mot finansreglementet.

<b>Nøkkeltal lånegjeld</b>	<b>Vedtekne</b>	<b>Pr 01 01</b>	<b>Pr 30 04</b>	<b>Pr 31 08</b>	<b>Pr 31 12</b>
	<b>rammer</b>	<b>2017</b>	<b>2017</b>	<b>2017</b>	<b>2017</b>
Brutto lånegjeld (i heile mill kr)		737	866	865	824
Netto renteutsatt balanse					
Antall lån		39	41	41	41
Gjennomsnittleg rente i porteføljen		2,68 %	2,49 %	2,47 %	2,51 %
Gjennomsnittleg flytande rente i porteføljen		1,76 %	1,71 %	1,66 %	1,52 %
<b>Motpartsrisiko</b>					
Største långjevar		Kommunalbanken			
Største långjevar sin andel av total gjeld		83,6 %	84,7 %	86,3 %	88,0 %
Største enkeltlån	25 %	18,8 %	16,0 %	16,0 %	16,8 %
<b>Renterisiko</b>					
Swapvolum (finansielle instrument) (i heile mill)		250	225	225	225
Finansielle instrumentar sin andel av total gjeld		33,90 %	26,00 %	26,00 %	27,30 %
Andel fast rente	Min 25	70 %	71 %	68 %	71 %
Andel flytande rente	Min 25	30 %	29 %	32 %	29 %
Gjennomsnittleg durasjon	0-5 år	2,03	2,38	2,21	2,06
Lengste rentebindingstid i heile år	10	5	7	7	6
<b>Refinansieringsrisiko</b>					
Gjennomsnittleg løpetid		10,5	9,5	9,2	8,8
Andel refinansiering innan 12 månader	Maks 20%	0,00 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Størrelse refinansiering innan 12 månader (heile mill)		0	0	0	0

### Samansetning av låneporbeføljen

Samla langsiktig lånevolum ved årsskiftet var 824 millionar kroner, ein auke på 87 mill kr frå 2016. Långjevarar er:

<b>Långjevar</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>Andel 2016</b>
Kommunalbanken	725	626	0,88
KLP	15	15	0,02
Husbanken	84	96	0,10
(tal i mill kr)	824	737	1,00

### Endringar i låneporbeføljen/risikoeksponering i 2017

#### Nye langsiktige lån/avdrag

Følgjande lånepoptak er gjennomført i 2017 (tal i heile 1000 kr):

Kommunalbanken kr 121 034

Husbanken kr 10 000

Sum kr 131 034

Det er betalt avdrag for 2017 på følgjande lån: (tal i heile 1000 kr)

Kommunalbanken lån kr 22 606

Husbanken (samla) kr 21 735


### Refinansiering/endring i risikoeksponeringa

Det er tatt opp nytt fastrentelån med løpetid 7 år i Kommunalbanken AS på 121,0 mill.kr Låneopptaket er tatt opp i samsvar med vedteke budsjett for 2017.

Fastrentelån i Husbanklån på 32,9 mill. kr vart endra til flytande renteviklkår med verknad 01.08.2017. Renteswap med rente 4,08% på 25 mill. kr gjekk ut 20.03.2017.


### Finansiell risiko i låneporteføljen

Diagramma nedanfor viser fordeling av kapitalbinding og rentebinding per rullerende år.



Kapitalbinding gir eit bilde av den samla porteføljen sin gjeldsstruktur (berre kapitalen, ikkje rentene). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot samme lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.

Ein stor andel kort kapitalbinding indikerar at store deler av porteføljen snart kjem til forfall og må refinansierast eller innløysast innan kort tid.



Rentebinding gir eit bilet av den samla porteføljen sin rentestruktur (berre rentene, ikke gjelda). Det vert teke omsyn til avdragsstrukturen. T.d. har eit avdragsfritt 10 års lån ved oppstart ei kapitalbinding på 10. Har derimot samme lån serieavdrag ned til null etter 10 år, vert kapitalbindingen halvert til 5.

---

Lån med flytande rente har rentebinding mindre enn 1 år. Ein stor andel kort rentebinding eksponerer portefølja for endringar i rentemarknaden.

Gjeldsporteføljen sin gjennomsnittlege kapitalbinding er 8,81 år og den gjennomsnittlege rentebindinga er 2,06 år. I porteføljen har 0,63% ein kapitalbinding på 1 år eller mindre, og 34,81% har ein rentebinding på 1 år eller mindre. Utan derivater hadde 56,05% av porteføljen hatt ei rentebinding på 1 år eller kortare.

Gjennomsnittleg durasjon (lengd) i låneporbeføljen er 2,06 år (Finansreglementet sitt krav innanfor 0 - 5 år) og rentekjensla (seier kva kursendringa vert ved renteendringar) er 2,0%.

### **Strategi for rentesikringar**

Bruken av rentesikring er heimla i kommunen sitt finansreglement. Kommunen nyttar rentesikringar (renteswappar) for å skape føreseieleg og stabile renteutgifter. All etablering av rentesikring skjer i samsvar med intern strategi for innlån og rentesikring. Hovudføresetnaden er at alle rentesikringar skjer med lang tidshorisont og at dei vil bli haldne til forfall (som anleggsmiddel).

### **Verdi på låneporbeføljen og rentesikringar**

Alle låna (utanom husbanklåna) som har flytande rente har renteregulering kvar 3. månad på IMM dato (3. onsdag i månadane mars, juni, september og desember) Marknadsskursen på desse låna vil dirfor i all hovedsak vere omkring pålydande verdi.

Når det gjeld fastrenteposisjonane (renteswappar) var dei verdt null ved avtaleinngåinga. Marknadsverdien av fastrenteposisjonane vil etter avtaleinngåinga svinge i takt med marknadsutviklinga for tilsvarende rentebindingar. Ved utløp av bindingsperioden vil marknadsverdien igjen vere null. Berekningar ved siste års-skifte syner at marknadsverdien av løpende fastrenter er negative med 14 mill. kr.(overkurs). Dette skuldast at fastrentenivåa har falt betydeleg sidan avtaleinngåinga:

Ved utløp av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil marknadsverdien være lik pålydande ("volum").


### **Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet**

Ingen reglar i finansreglementet er brotne og det har ikkje vore avvik frå dette i 2017.

### **Samanlikning av renteutgifter (benchmarking)**

Kommunen benchmarkar (målar) si lånerente ved å samanlikna porteføljerenta med ei referanserente som er relevant for kommunal risiko. Referanserenta er samansett av 3M nibor og 4-års fastrente med ein durasjon (løpetid) på 2,5 år. Det er ikkje teke omsyn til margin tillegg som kommunen betalar i referanserenta, som følgjeleg vert liggjande «for lågt» i grafen. Styringsrenta til Noregs Bank og 3M niborrente går også fram av grafen.

Porteføljerenta til kommunen vert prega av dei etablerte fastrentene og at desse er inngått på nivå som framstår som høge i dag.




### Vurdering og handtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer javnleg den finansielle risikoen. Det gjennomførast også slik vurdering i forkant av alle porteføljetilpassingar (ved etablering av rentesikringar) og låneopptak. Den finansielle risiko, som består av fleire element, vert gjennomgått. Kommunen har etablert rutinar for å gå gjennom kvart av elementa under finansiell risiko. Vurdering av elementa er gjennomført og vurderinga er arkivert.

Den finansielle risikoen blir vurdert å være tilfredsstillande, ønska og innanfor rammene i det vedtekne finansreglementet, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldande lov.

### Stresstest

Det vert utført ein såkalla stresstest på låneporteføljen ved å simulere ein parallel **renteoppgang på 2 prosentpoeng** over heile rentekurven. Føremålet med stresstesten er å måle effekten av eit forhandsdefinert marknadssjokk. Ein renteoppgang vil føre til auka rentekostnader og positiv kursendring på fastrenteposisjonane (fastrentene vil framstå som gunstigare etter ein renteoppgang):



## Likviditet

Kommunen sine kortsiktige likviditet har blitt litt svekka i 2017, noko som m.a heng saman med forskottering av spelemidlar til svømmebasseneget på slutten av året.



Likvide midlar har vore plassert i bank i 2017.


I tabellen under er det korrigert for unytta lånemidlar, då desse skal brukast til investeringar og ikkje drift.

	2017	2016	2015
Likvidide midlar 31.12.	74 621	89 008	41 516
unytta lånemidlar	-18 999	-13 189	-25 175
Likvide midlar til fri disposisjon	55 622	75 819	16 341

## Nøkkeltal

Nedanfor er utviklinga i ein del sentrale nøkkeltal presentert og kommentert. Dette er nøkkeltal som fortel korleis den økonomiske situasjonen har utvikla seg, og korleis resultatet i 2017 verkar inn på kommunen sin økonomiske handlefridom. Som det går fram av nøkkeltala så har kommunen betra si økonomiske stode i dei siste åra. Resultatet i 2017 var mindre enn tilrådd. Kommunen hadde eit netto driftsresultat på 0,4% (konserntala som inkluderer dei interkommunale selskap som kommunen er deleigar i så enda resultatet på 0,8%) Kommunen si økonomiske stode er framleis svak. Kommunen sin likviditet har betra seg dei siste åra. Likviditet og kommunen sine frie fondsavsetninga er fortsatt for små til å møte uføresette hendingar i eit driftsår. Dette heng saman med at kommunen sitt premieavvik utgjer ein stor del av frie disponibele midler.


### Utvikling brutto driftsresultat 2011 – 2017




Brutto driftsresultat fortel noko om korleis drifta av kommunen eksklusiv finanspostar har gått. Avskrivinger er teke med i dette resultatelementet. Kommunen fekk eit positivt brutto driftsresultat på 9,6 mill. kroner, mot eit positivt brutto driftsresultat i 2016 på 40 mill. kroner.

Opphavleg budsjettet brutto driftsresultat var på 13,4 mill. kroner i 2017, revidert brutto driftsresultat var på 9,2 mill. kroner.

### Utvikling netto driftsresultat 2011-2017



Netto driftsresultat seier noko om korleis drifta av kommunen har gått. Finans-transaksjonane inklusiv avskrivinger var på netto -6,3 mill. kroner. Kommunen fekk såleis eit netto driftsresultat på 3,3 mill. kroner. I 2016 var netto driftsresultat 34,2 mill. kroner. Netto premieavvik inkl amortisering av tidlegare års avvik er inntektsført med 1,2 mill kr i 2017 Budsjettet netto driftsresultat for 2017 var 1,5 mill. kroner. Kommunen fekk altså eit resultat som var litt betre enn budsjettet.


**Netto driftsresultat i % av driftsinntektene 2011-2017**


Teknisk beregningsutval tilrår at netto driftsresultatet målt mot sum driftsinntekter bør utgjera 1,75% over tid for at ein kommune skal ha ein sunn økonomi. Kommunen nådde ikkje dette målet i 2017.

**Utvikling i skatteinntekter og rammeoverføringer 2011–2017**


Dei frie inntektene, dvs. inntektsskatt, eideomsskatt, inntektsutjamning og andre rammetilskot er på same nominelle nivå som i 2016, det vil sei ein auke på berre 0,1%. Den svake inntektsveksten heng saman med god skatteinngang i 2016 samt at inntektssystemet vart lagt om, noko som fører til reduserte rammetilskot på 13 mill kr ( 7 mill. kr vart kompensert i 2017 gjennom INGAR. )


## Utvikling i brutto driftsutgifter (inkl. løn)



Brutto driftsutgifter i 2017 utgjorde 912,3 mill. kroner. Dette var ein auke på 6,9 % i høve til 2016 og utgjer 58,7 mill. kroner som fordeler seg slik:

Lønsutgifter, sosiale utgifter	44,2 mill
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon:	3,1 mill
Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon:	5,2 mill
Overføringer:	3,5 mill
Avskrivningar:	1,3 mill
Fordelte utgifter:	1,4 mill

## Utvikling i brutto lønsutgifter (inkl. sosiale utgifter)



Brutto lønsutgifter inkl. sosiale utgifter utgjorde i 2017 601 mill. kroner. Dette var ein auke på 44,2 mill kr eller på 7,9 % i høve til 2016

Veksten i lønnskostnadane var noko høgare enn førre år. Årlønsveksten i kommunesektoren iflg tal frå teknisk beregningsutval var på 2,6%.


### Utvikling av netto rente- og avdragskostnader i % av driftsinntekter



Netto rente- og avdragsutgifter auka med 1,9 mill. kroner i høve til 2017 og utgjorde til saman 35,6 mill. kroner. Netto rente- og avdragsutgifter utgjorde 3,9 % av driftsinntektene i 2017 mot 3,8 % i 2016.

Auken i 2017 var liten, men rentene og avdraga vil auke i åra framover grunna stort låneopptak i samband med bøgning av nv unedoms-

### Utvikling lånegjeld i % av driftsinntektene




Pr. 31.12.16 utgjorde brutto kommunal lånegjeld 89% av driftsinntektene. I denne andelen er ikkje gjelta i dei kommunale selskapene teke med. Lånegjelda er difor svært høg.

### Utvikling brutto langsiktig gjeld (forfall > 1 år) (ekskl. pensjonsforplikting)




Kommunen si lånegjeld var ved utgangen av 2017 823 mill. kroner. Dette er ein auke på 12% frå 2016. Lånegjelda har auka med 27% dei to siste åra. Det er bygginga av ungdomsskule og symjehall som har medførte denne auka opplåninga.

### Brutto investeringar i % av driftsinntektene




Kommunen hadde høge investeringskostnader i 2017. Hovedgrunnen til dette er investering i ny ungdomsskule og symjebasseng. I tillegg til desse ei rekke mindre investeringsprosjekt.

### Utvikling av disposisjonsfond i % av driftsinntektene



Kommunen sitt disposisjonsfond, var tilnærma 0 i 2014 men utgjer no inkl udisponert mindreforbruk på 3,8 mill kr 49,2 mill kr i 2017. I % av omsetninga utgjer dette 5,3%. Disposisjonsfondet er no difor større enn premieavviket. Forskjellen utgjer 18,8 mill kr eller 2% av omsetninga. Kommunen er difor framleis sårbar for svingingar i økonomien. Sjå elles grafen under.

### Utvikling fond - premieavvik



### Utvikling av den totale eigenkapitalen (inkl. kapitalkonto)



Etter fleire år med negativ eigenkapital har kommunen sin eigenkapital blitt styrka dei siste 2 åra.

### Folketalsutvikling i Bømlo kommune 2012-2017

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Folketalet 1. januar</b>	11 503	11 638	11 749	11 761	11 778	11 806
Fødde	130	142	147	127	136	122
Døde	89	99	95	99	84	79
Fødseloverskot	41	43	52	28	52	43
Innflytting	480	464	392	436	440	420
Utflytting	384	395	436	454	463	369
- herav innflytting frå utlandet	190	157	129	139	148	90
- herav utflytting til utlandet	26	29	48	49	61	51
Nettoutilflytting inkl. inn- og utvandring	96	69	-44	-18	-23	51
Forsinkelse i meldinger- inkl. i tilvekst	-2	-1	4	7	-1	2
Folketilvekst	135	111	12	17	28	96
<b>Folketalet 31.12.</b>	<b>11 638</b>	<b>11 749</b>	<b>11 761</b>	<b>11 778</b>	<b>11 806</b>	<b>11 902</b>

Tabellen viser at Bømlo kommune i 2017 hadde fødseloverskot på 40. Spesielt for 2017 var at det var færre som flytta ut frå kommunen enn tidlegare år (94 færre utflyttingar enn i 2016). Dette er den viktigaste årsaken til at folketalet vaks. I tillegg så var innflyttinga frå utlandet den lågaste på mange år (58 færre enn i 2016). Innflyttinga samla var berre 20 færre enn året før.



Bømlo kommune sin eldre befolkning veks. (Foto: Simon K. Sortland)

Tabellen nedanfor viser fordelinga på aldersgruppene.

Etter alder	01.01.2012	01.01.2013	01.01.2014	01.01.2015	01.01.2016	01.01.2017	01.01.2018
<b>Totalt</b>	<b>11 503</b>	<b>11 638</b>	<b>11 749</b>	<b>11 761</b>	<b>11 778</b>	<b>11 806</b>	<b>11 902</b>
0-5	958	951	942	941	878	866	870
6-15	1 740	1 739	1 746	1 726	1 757	1 721	1 731
16-66	7 373	7 468	7 545	7 533	7 509	7 505	7 529
67-79	860	907	957	1021	1102	1188	1 237
80-89	446	445	408	393	395	382	387
90-	126	128	151	147	137	144	148

Etter fleire år med svak vekst auka folketalet med 0,8% i 2017. Det er talet på eldre som veks, særleg gruppa 67–79 år som sidan 2011 har auka med 43%. Sidan 01.01.2012 har folketalet vokse med 399 personar (3,5%). Gruppa eldre over 67 år utgjer 340 av denne veksten.

## Premieavvik/tilleggsløyving/ufordelte postar

### Økonomisk resultat


	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik
PREMIEAVVIK, PENSJON	-17 380	-14 745	2 636
ÅRETS LØNSOPPGJER - AVSETNAD	721	848	127
	<b>-16 659</b>	<b>-13 897</b>	<b>2 761</b>

### Tenester/oppgåver:

Årets premieavvik/bruk av premiefond og årets avsetnad til lønsoppgjør/overheng som vert fordelt ut til seksjonane i løpet av året vert ført under dette rammeområdet. Kommunen sine pensjonsutgifter vart noko lågare enn rekna med for 2017. I hovudsak skuldast dette at lønnsoppgjeren vart billegare enn rekna med, noko som førte til lågare reguleringspremie. Verksemduene vart budsjettet med for høg premie og tilbakeføringa av denne er ført på sentral post inkl. arbeidsgjevaravgift med 5,6 mill. kr, slik at netto utgifter/kostnad til pensjon hadde ei sparing på 2,6 mill. kr. Dei lokale forhandlingane med utdanningsforbundet gjekk til sentral nemd. Det vart sett av 0,72 mill. kr. til dekning av lønnsoppgjør for lærarane i kommunen.

### Premieavvik

Kommunen har pr 31.12 opparbeida seg eit premieavvik på 30,4 mill. kr. Dette er ein auke frå 2016 på 1,3 mill. kr. Premieavviket skal nedbetalast kvart år fram til 2025.



## Folkehelse – «Helsefremjande lokalsamfunn»



22. november 2017 vart Bømlo kommune godkjend som Trafikksikker kommune. Ordførar Odd Harald Hovland mottok blomar og prov på dette frå leiar i Trygg Trafikk Hordaland, Knut Olav Nestås, og sekretær for Fylkes-trafikksikringsutvalet, Lise Fauskanger Ådlandsvik. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

Oversiktsdokumentet for folkehelse i Bømlo kommune har tre fokusområder:

1. **Sikre sunne og trygge oppvekstmiljø**
2. **Hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom**
3. **Heilskapleg strategi for å møte trangen for helse- og omsorgstenester i framtida**

Kommuneoverlegen og folkehelsekoordinator har i 2017 gjennomført hatt fleire eigne tiltak der samarbeid og medverknad på tvers innad i kommuneorganisasjonen og ut mot friviljuge lag og organisasjoner har vore sentralt. Likeså samarbeid med fylkeskommunalt og statleg nivå. Dette gjeld ikkje minst i Nærmiljøprosjektet, «Forsking nærmiljø» gjennomført i lag med HVL, og forskingssamarbeidet om «Helse-team for eldre i Bømlo kommune» med FOUSAM.


Fokus på grenaudvala som representantar for bygdene sine vart politisk forankra i kommunestyret. Målet er at grenaudvala skal ha særskilte roller i samband med diverse kommunale planar.

22. november 2017 vart Bømlo kommune godkjend som Trafikksikker kommune. Dette er eit samarbeid med Trygg Trafikk, skular, barnehagar og einingar elles i kommunen samt friviljuge lag og organisasjoner.

Dei årvisse arrangementa Gøydagen for 2. klassingane, Verdensdagen for psykisk helse og Dialogmøte med lag og organisasjoner vart arrangert med stor deltaking og var vellukka arrangement.

Bømlo kommune signerte 8. mai avtalen med kampanjeorganisasjon for alkovett AV-OG-TIL. Bømlo kommune sine lokale satsingsområde for AV-OG-TIL er alkavit i samband med trafikksikringsplanen der båtliv er inkludert, eit utstrakt samarbeid med friviljuge lag og organisasjoner, og førebygging av vald i nære relasjoner.

## SENTRALE STYRINGSORGAN



### Innleiing

Området omfattar politiske styringsorgan, politisk sekretariat, fellessekretariat og kundetorg, fellesutgifter, rådmann med rådmannsteam, forvaltning inkludert IKT og personal, økonomi, rekneskap og skatteoppkrev-jaren, næring, fag og støtte og tillitsvalde – verneombod.

### Økonomisk resultat 2017

	Rekneskap 2017	Revidert budsj. 2017	Opphav. budsj. 2017	Rekneskap 2016	Avvik 2017
1 Sentrale styringsorgan	45 964	46 841	47 187	43 482	877

Sentrale styringsorgan hadde eit mindreforbruk i 2017 på 0,9 mill kr. 0,6 mill kr av dette var knytt til politisk verksemd. Utgiftene til revisjon og kontroll var 0,5 mill kr lågare enn budsjettet.

### Kostra data administrasjon og politisk styring

	Bømlo 2015	Bømlo 2016	Bømlo 2017	Stord	Landet uten Oslo	Kost- ragruppe 11
Prioritet						
Netto driftsutg. til adm. og styring i prosent av totale netto driftsutg	6,6 %	6,5 %	6,4 %	6,7 %	7,8 %	7,6 %
Produktivitet						
Brutto driftsutgifter til adm. og styring i kr. pr. innb **)	4 128	4 169	4 366	4 311	5 246	5 254
Brutto driftsutgifter til funk- sjon 100 Politisk styring i kr. pr. innb **)	404	304	309	208	420	471
** justert for behovstrong						

Det går fram av KOSTRA-tala at kommunen nyttar mindre til dei administrative tenestene samt til politisk styring enn landsgjennomsnittet og kommunane i vår kostragruppe.

## Politiske styringsorgan

Politiske styringsorgan har 1,2 årsverk med fast årleg godtgjersle. I tillegg kjem godtgjersle til representantane i kommunestyret, formannskapet og utvala, samt driftskostnader. Kontrollutvalet og revisjon høyrer også innunder dette ansvaret. I 2017 har kommunestyret behandla 137 saker fordelt på 9 møter. Formannskapet behandla 94 saker delt på 8 møte.



Bømlo ungdomsråd er eit viktig politisk utval. (Foto: Simon Knutsson Sortland).

## Rådmann

Består av 3 stillingar: rådmann, kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett, og kommunalsjef helse, sosial og omsorg.

- Overordna strategisk leiing av Bømlo kommune
- Hovudansvar for saksførebuing til politiske utval og kommunestyre
- Hovudansvar for iversetjing av politiske vedtak
- Hovudansvar for utarbeiding av budsjett og velferdsplan
- Hovudansvar for økonomisk oppfølging og resultatrapportering
- Hovudansvar for oppfølging og gjennomføring av avtalen om Inkluderande Arbeidsliv

## Internkontroll/kvalitetsarbeid

I samsvar med kommunelova sine bestemmelser i §23 har rådmannen følgjande oppgåver:

*«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organ er forsvarleg utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser og at den er gjenstand for betryggende kontroll».*

Bømlo kommune har eit godt og fungerande kvalitetsstyringssystem (KSS), og dette kvalitetsstyringssystemet er det einaste (fag)systemet alle tilsette i kommunen har tilgang til. Kvalitetsstyringssystemet er eit godt og nytig hjelpemiddel når det gjeld kvalitetsarbeidet i kommunen og også medverkande til at rådmannen skal kunna oppfylla krava nedfelt i Kommunelova §23.2.

Rådmannen har to typar støttefunksjonar når det gjeld kvalitetsarbeid:

- Kvalitetsutvalet, som består av rådmannen si utvida leiargruppe, har til hovudoppgåve å hjelpe rådmannen på overordna nivå i det førebyggjande og kvalitetsfremjande arbeidet i kommunen.
- Kvalitetsgrupper i kvar av seksjonane, som er leia av medlemmer i kvalitetsutvalet, skal ta i vare seksjonen og underliggende verksemder sine behov for koordinering av arbeidet med kvalitet.

Både kvalitetsutvalet og kvalitetsgruppene i kvar seksjon har møteplan med møte 4 gonger i året.

Som del av kvalitetsarbeidet i kommunen sender rådmannen ut halvårlege informasjonsskriv til alle tilsette i kommunen, samt at dette vert lagt på Intranettet. Det vert samtidig også sendt ut eige informasjonsskriv til leiarar.

Kvalitetsarbeid er ein kontinuerleg prosess, og må derfor ha kontinuerleg fokus i alle ledd i organisasjonen. Derfor er det jamleg opplæring i kvalitetsstyringssystemet for nytilsette og repetisjonsopplæring vert halde t.d. i personalmøte på dei ulike arbeidsplassane. Det er utarbeidd handbøker for kvalitetsstyringssystemet, slik at det skal vera enkelt for tilsette å bruka systemet.

Kvalitetsstyringssystemet er rollestyrta, noko som gir ulike funksjonar (roller) ulik tilgang, tilpassa funksjonen sitt ansvarsområde. Er det skifte i ein funksjon er det enkelt å setja ny person inn i rolla, og bruk av roller gjer at systemet er personuavhengig.

Kvalitetsstyringssystemet består av fleire modular, m.a. dokumentbibliotek der det ligg styrande dokument, avviksmodul for å melda avvik og leiarane handsamar avvik, årshjulmodul, rapporteringsmodul – økonomi.

Det er enkelt å navigera i dokumentmodulen ved hjelp av søkefunksjonen i systemet. Dokument skal gjenomgåast med maks. 1 års mellomrom, unntatt t.d. planar som gjeld for fleire år, og på den måten vert det kvalitetssikring av at dokument er oppdaterte.

Dei dokument/skjema som publikum skal ha tilgang til, vert lagt på kommunen si nettside og lagt lenke frå kvalitetsstyringssystemet til nettsida, slik at nokon «eig» dokument eller skjema på nettsida og desse skal også re-godkjennast årleg.

Bømlo kommune sin definisjon av avvik er følgjande:

*"Uønskte hendingar og/eller brot på kvalitetskrav, sett i forhold til gjeldande lover, forskrifter, prosedyrar eller rutinar."*

Avviksmeldingar skal vera ein viktig del av arbeidet med å forbetra tenestene i kommunen, og terskelen skal vera låg for å melda avvik. Det vert laga statistikkar som blir drøfta i rådmannen si leiargruppe, kommunalsjefane sine leiargrupper og i AMU. Avviket går til nærmeste leiar, og avviksmeldar kan følgja med på avviket.

Det vert loggført kven som les avviket, legg kommentar m.m., slik at avviksmeldar ser kven som har lese avviket, lagt kommentar m.m.

<b>Oversikt totalt melde avvik 2014, 2015, 2016, 2017</b>				
	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
BOB – brann og beredskap	0	0	0	3
HSO – helse, sosial og omsorg	524	689	676	713
OKI – oppvekst, kultur og idrett	201	176	219	300
SSO – sentrale styringsorgan	8	6	5	4
TEK – teknisk avdeling	12	11	6	7
<b>SUM</b>	<b>745</b>	<b>882</b>	<b>906</b>	<b>1027</b>

Avviksmengda har stort sett auka år for år, sjølv om statistikken viste at det var ein periode frå oktober 2016 til juni 2017 der avviksmengda gjekk ned. Det vart då stilt spørsmål i organisasjonen kva årsak til dette kunne vera, og det vart sett fokus på avviksmeldingar og, ikkje minst, korleis leiarar handsama avvik. Det vart streka under at avvik er viktig i forhold til forbetring, og sett fokus på at tilsette har medverknadsplikt, jf Arbeidsmiljøvernlova §§2-3 og 2-4.

Eit avvik kan ha fleire kategoriar, slik at totalsummen ikkje vil vera summen av dei ymse kategoriene.

AMU får informasjon om HMS avvik, som er hendingar og situasjonar knytt til helsa, miljøet og tryggleiken til dei tilsette, og hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, t.d. skade på tilsett. (Nokre avvik som gjeld tenestemottakar, t.d. elev, der avviket gjeld HMS-relaterte ting vert sett i kategori HMS, medan avvik som gjeld tenestemottakar skal ikkje meldast med kategori HMS, men kategori «teneste/brukar». Dermed har det vore noko overrapportering i kategori HMS.)

Statistikken visar at total mengd avvik har auka frå år til år. Dette er bra, sjølv om ein veit at det framleis er stor underrapportering. Avvik i kategori HMS har gått ned i 2017, medan tal på avvik i kategori teneste/brukar har auka. Årsak til dette er vanskeleg å fastslå. Mogleg forklaring er at tilsette er meir medviten om at HMS-relaterte avvik som gjeld tenestemottakarar skal ikkje førast i kategori HMS, men i kategori teneste/brukar. Sjølv om dette kan vera ein del av forklaringa bør spørsmål stillast om det kan vera andre årsaker til denne nedgangen.

I det følgjande vert det lista mengd avvik i 2017, fordelt på hovudkategoriane, samanlikna med dei to føregående åra.

Hovudkategori	HSO <sup>1</sup>			OKI <sup>2</sup>			SSO <sup>3</sup>			TEK <sup>4</sup>			BK <sup>5</sup> samla		
	2015	2016	2017	2015	2016	2017	2015	2016	2017	2015	2016	2017	2015	2016	2017
<b>Totalt melde avvik</b>	<b>689</b>	<b>676</b>	<b>713</b>	<b>176</b>	<b>219</b>	<b>300</b>	<b>6</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>11</b>	<b>6</b>	<b>10</b>	<b>882</b>	<b>906</b>	<b>1027</b>
HMS	426	352	309	81	116	120	1	2	1	7	2	8	515	472	438
organisasjon/innternt	75	51	69	20	12	51	4	3	2	4	2	3	104	68	125
teneste-/brukar	501	435	456	93	125	185	3		2	2	4	1	599	564	644
eksterne <sup>6</sup>	8	12	9	1		1							9	12	10

Statistikken visar at det er i seksjonen HSO nedgangen i HMS-avvika har vore.

## Beredskap

Grunnlaget for kommunal beredskap finn me m.a. i i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelses tiltak, Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), forskrift om kommunal beredskapsplikt samt veiledning til forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Kommunen ønskjer å ha høg fokus på beredskap. Dette ut frå kommunen si klare føring om at førebygging skal ha høg prioritet. I beredskapssamanheng vil alltid liv og helse ha høgast prioritet, men det er eit mål at beredskapsorganisasjonen i alle fasar, også vanleg driftsfase, har som mål å sikre materielle verdiar.

<sup>1</sup> HSO = Seksjonen helse, sosial og omsorg

<sup>2</sup> OKI = Seksjonen oppvekst, kultur og idrett

<sup>3</sup> SSO = Sentrale styringsorgan (rådmannens rådgjevarar, avdelingane IKT, fellessekretariat, personal og økonomi)

<sup>4</sup> TEK = Teknisk avdeling inkl. teknisk drift, og i tillegg BOR = Brann og redning

<sup>5</sup> BK = Bømlo kommune

<sup>6</sup> eksterne samarbeidspartnarar, som t.d. Helse Fonna, Barnevernet, Interkommunal Legevakt



Kvalitetssystemet er noko alle tilsette skal bruke og det vert jamleg halde kurs. (Foto: Simon K. Sortland)

Bømlo brann og redning er med i eit samarbeid med Luftambulansen i eit prosjekt som heiter «Mens vi venter på ambulansen». Dette prosjektet har utan tvil vore med å styrke delar av kommunen sitt beredskapsarbeid knytt til helseberedskapen i kommunen.

Beredskapsdokument ligg i kvalitetssystemet og er dermed tilgjengeleg for alle tilsette. Å vera kjende med kva ein skal gjera, både som førebyggande tiltak og skadeavgrensande tiltak, er i seg sjølv positivt i forhold til beredskap og samfunnstryggleik. Aktivt bruk av avvikssystemet der avvik relatert til beredskap og/eller samfunnstryggleik kan vera med å setja fokus på forbettingsområde med omsyn til beredskap og/eller samfunnstryggleik. Avvika kan også bidra til førebygging og vera konsekvensreduserande i forhold til beredskapsverdiane - menneske sitt liv/helse, ytre miljø, økonomiske verdiar, omdømmet.

Det er utarbeidd øvingsplan for kommunen, slik at rådmannen sikrar at det vert gjennomført øvingar og at desse har ein viss systematikk. Etter øvingar skal det gjennomførast evaluering, og det skal utarbeidast ein øvingsrapport som vert lagt i kvalitetssystemet.

Beredskapsdokumenta er under revisjon, og vert ferdigstilt i løpet av 2018. I dette arbeidet er erfaringar frå øvingar, øvingsrapportar og lærdom gjennom reelle hendingar dei siste åra, som t.d. Turøy-ulukka, brann Bømlo Helsehus, ferjebrann, isolasjon av Bømlo.

Sommaren 2017 tok kommunen i bruk system for befolkningsvarsling der varsel til innbyggjarane kan skje via talemeldingar til fast-telefon og mobiltelefon og/eller sms. Dette varslingsystemet har også gruppevarsling der det er laga grupper, t.d. kommunal kriselening, verksemder, slik at det er enkelt å senda sms og/eller talemelding til desse.

Alle grunnskulane i Bømlo har tovegs varslingsystem slik at det er enkelt for skulane å senda meldingar til føresette og også til elevar i ungdomsskulen.

## Økonomi

Økonomiavdelinga har tre hovudansvarsområder:

- Rekneskap, lønn, fakturering og innfordring
- Økonomistyring, budsjett og innkjøp
- Skatteoppkrevjaren

Samla har avdelinga 11,1 årsverk fordelt på 12 medarbeidrarar. Avdelinga fører rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd. I tillegg utførar avdelinga nokre tenester for Stord og Fitjar kommune.

Tyngre innfordring vert utført av Lindorff på vegne av kommunen.

Skatteoppkrevjaren har samla krove inn og fordelt 1 410 mill. kr. til stat, kommune, fylkeskommune og folketrygda. Dette er ein reduksjon på 37 mill. kr. frå 2016. Kommunen sin del av dette utgjorde 315,4 mill. kr. i 2017, ein reduksjon på 7,2%.

Kommunen deltek i eit interkommunalt innkjøppssamarbeid med kommunane Kvinnherad, Tysnes, Fitjar og Stord. Saman finansierer desse kommunane 1,5 årsverk. I tillegg er Bømlo med i eit interkommunalt samarbeid om e-handel. Dette samarbeidet omfattar 20 kommunar i Sunnhordland, Hardanger og på Haugalandet. Bømlo kommune tok initiativ til dette samarbeidet og e-handelsressursen som utgjer eit halvt årsverk er knytt til økonomiavdelinga i kommunen.

## Personal

Personalavdelinga har 2,5 årsverk. I tillegg administrerer dei lærlingekontraktane. Hovudansvarsområde for personalavdelinga er å gi råd og rettleiing til verksemndene og tilsette i alle spørsmål som er knytt til personalområdet.

I tillegg har avdelinga ansvar for oppfølging i høve lov og avtaleverk og personalsaker på tvers av verksemndene. Sekretærfunksjonen for AMU ligg og til avdelinga. Avdelinga har eit særskilt ansvar for å vedlikehalda og utarbeida internt regelverk og rutinar innafor sitt fagområde.



Lærling i barne- og undomsarbeidarfaget Linn-Jeanette Grutle Kristensen.  
(Foto: Simon K. Sortland)

## Forvaltning

Forvaltning har åtte tilsette fordelt på 7,75 årsverk og omfattar organisasjonssjef, IKT-avdelinga og drift av kantina.

IKT-avdelinga er ein intern støttefunksjon med driftsansvar for alt kommunalt IKT-utstyr. I 2017 har det vore arbeidd aktivt gjennom oppgradering av utstyr og programvare med å redusera risikoen for driftsavbrot og nedetid for IKT-utstyr. Avdelinga driftar og sak- og arkivsystem for kommunane Fitjar, Haugesund, Stord og Tysvær.

## Nærings- og samfunnsutvikling



Lansering av store industriplanar i Rubbestadneset då statsråd Monica Mæland vitja Rubbestadneset 31. januar 2017.  
(Foto: Simon Knutsson Sortland).

Utfordringane i delar av næringslivet har vore store også i 2017. Me ser likevel ulike teikn til betring og arbeidsløysa er markert redusert, og er no om lag på landssnittet. Likevel ser me at skatteintektene frå mange verksemder har redusert bemanninga og ein del har også permittert delar av arbeidsstokken. På slutten av året såg ein del av verksemndene som slit nokre små teikn til betring, men den krevjande marknadsutviklinga vil nok for mange halde fram også i 2017.

Havbruksnæringa går likevel godt, og her har vore stabil og god sysselsetjing, medan offshorerederia slit. Dette er ein situasjon me også hadde i 2016.

Primærnæringane fiske og jordbruk har hatt stabil utvikling i 2017. Fiske har hatt ei veldig god utvikling. Innanfor landbruk er ein naturleg nok opptekne av jordvern og korleis ein skal sikre levedyktige bruk.

Kommunen arbeidde i störstedelen av 2016 tett opp mot industriklynga i Rubbestadneset og nye potensielle aktørar for etablering i det ferdigregulerte industriområdet. Det ser no ut for at me lukkast i arbeidet med å vidareutvikle industriområdet og ny aktør har meldt at dei vil etablere seg så snart råd er. Dette gir også ringeverknader for dagens aktørarar og det er etablert eit tett samarbeid.

Det har vore tett dialog mellom kommunen og lokale næringsaktørar på Langevåg for å sikre realisering av Bømlo fiskerihamn. Me fekk ei avklaring gjennom vedtak av ny NTP, men det kjem først midlar i 2024. Etter denne avklaringa har me, i tett samarbeid med lokalt næringsliv, arbeidd med å forskottere oppstarten.



Bømlo kommune og Atheno arrangerte workshop for reiselivet.  
(Foto: Simon K. Sortland)

Reguleringsplanen for området krev at kulturminne vert kartlagt. Her har kommunen dialog med Universitetet i Bergen for å få realisert slik kartlegging. Eit forprosjekt er gjennomført i 2017 og kommunen har fått framlegg til korleis eit hovudprosjekt skal realiserast. Målet er at arbeidet med Kulturminne skal vere ferdig sommaren 2019.

Samarbeidet med Atheno om næringsutvikling har halde fram i 2017. Oppgåvene har vore knytt til etablerarrettleiing og hjelp til gründarar.

Det tette samarbeidet med Bømlo Næringsråd har halde fram. Ordføraren sin julelunsj, kor kommunen si leiing møter ulike næringsaktørar, var også godt besøkt i år. Her legg ein opp til å orientere om kommunale prioriteringar og ha dialog om desse. Tre stortingsrepresentantar gav gode og interessante innlegg om lokale og sentrale utfordringar. I år hadde me også besøk av ein stortingsrepresentant frå nord Rogaland. Me fekk også informasjon om arbeidet med å realisere Hordfast.

Kommune og næringsliv har også arbeidd tett for å sikre eit best mogleg vidaregåande skuletilbod på Bømlo. Me har gått saman om å utfordre fylkeskommunen i eit pilotprosjekt kor næringsliv, fylkeskommunen og kommune går saman om å utvikle eit tilbod som skal sikre næringslivet konkurransedyktig og godt kvalifisert arbeidskraft, og gjennom ein tett oppfølging av elevane halde fråfallet på eit lågt nivå.


## Fellessekretariat og kundetorg

Fellessekretariatet er eit støtteapparat for administrasjonen og for politikarane. I tillegg tek dei seg av alkoholløyver og skjenkekонтroll. Sekretariatet tar seg av all posthandtering til og frå kommunen. I tillegg legg dei til rette for og har ansvar for utsending av saker til kommunestyret, formannskapet og alle utval. Fellessekretariatet fungerer også som valsekretariat annan kvart år. Det kommunale arkivet ligg innunder dette ansvarsområde.

Kundetorget si oppgåve er å gi dei som oppsøkjer rådhuset god informasjon og rettleiing for alle ansvarsområde på rådhuset og kommunen elles. Kundetorget er i tillegg kommunen sitt turistkontor. Kundetorget har to arbeidsstasjonar. Forutan kundeverten så er der ein arbeidsplass for teknisk som er bemanna kvar dag. Fellessekretariat/kundetorg har til saman 5,7 stillingsheimlar.

## OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT

### ORGANISASJONSKART OKI 2017



### Innleiing

Område 1.2 omfattar kommunale tenester retta spesielt mot barn og unge og utgjer 14 sjølvstendige verksemder: 10 grunnskular, kulturskule, vaksenopplæring og folkebibliotek. I tillegg kjem barne- og familienesta som inkluderer skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT, tiltaksteam inkl. sosiale tenester og avlastningstilbod. Kommunen har ingen offentlege barnehagar, men har 8 private barnehagar som i hovudsak vert finansiert av kommunale tilskot.

Det økonomiske resultatet for grunnskulane gjekk samla i minus med 0,45 mill. Vaksenopplæringa fekk eit meirforbruk som har samanheng med svært mange deltararar i introduksjonsprogrammet. Kulturskulen, biblioteket, avlastningsbustaden, Laurhammer bufellesskap og barne- og familienesta gjekk med overskot. Dei største overskridingane finn ein på utbetaling til barnehagane og til barnevern.

Resultatet for barnevern enda opp med eit meirforbruk på 1,65 mill. Utgiftene til barnevernstiltak knytt til einsleg mindreårige er no under kontroll etter omlegging til ny finansieringsordning.


Barnehagane hadde fleire barn enn kva kommunen rekna med ved budsjetteringa. Nokre av desse barna er barn av flyktningar som har fått plass i barnehagane.

### Økonomisk resultat 2017

Ansvaret	Rekneskap 2017 Tal i heile 1000	Opphavleg budsj. 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016	Vekst 2017- 2016
FELLES GRUNNSK./SPES.UND.	3 264	2 312	1 948	-1 316	5 343	-38,9 %
ESPEVÆR SKULE	1 693	1 662	1 680	-13	1 663	1,8 %
FOLDRØY SKULE	5 140	5 100	5 240	100	5 085	1,1 %
GILJE SKULE	10 060	10 321	10 331	272	9 717	3,5 %
MELING SKULE	11 582	11 504	11 638	56	10 904	6,2 %
VÅGE SKULE	9 305	9 069	9 314	9	8 976	3,7 %
BREMNES UNGDOMSSKULE	32 181	30 409	32 500	319	30 346	6,0 %
HILLESTVEIT B/U SKULE	16 895	16 851	16 869	-26	16 807	0,5 %
MOSTER SKULE	31 147	30 633	30 970	-176	30 331	2,7 %
RUBBESTADNESET SKULE	15 737	18 189	16 124	387	17 255	-8,8 %
SVORTLAND SKULE	29 784	27 514	28 396	-1 388	29 199	2,0 %
BARNEH. FELLES, SPES.UND.	103 965	101 816	101 642	-2 323	104 641	-0,6 %
VAKSENOPPLÆRINGSSENTER	19 519	18 580	18 708	-810	11 265	73,3 %
KULTURSKULEN	6 448	6 501	6 584	136	6 529	-1,2 %
KULTUR/BARNE - UNGDOMSARBEID	4 977	5 635	5 653	677	4 526	10,0 %
BIBLIOTEK	3 608	3 606	3 656	48	3 393	6,3 %
KULTURHUS	1 224	1 224	1 224	0	1 224	0,0 %
SOSIALKONTORTENESTER	2 993	2 958	2 986	-7	2 731	9,6 %
AVLASTINGSBUSTAD	5 585	5 683	5 762	177	5 311	5,2 %
BARNE OG FAMILIETENESTE	17 882	18 352	18 024	-142	18 802	-4,9 %
BARNEVERN	23 750	22 099	22 099	-1651	22 606	5,1 %
LAURHAMMER BUFELLESSKAP	-2 065	-1	-1172	893	3 186	-164,8 %
<b>Oppvekst, kultur og idrett</b>	<b>354 674</b>	<b>350 017</b>	<b>350 178</b>	<b>-4 495</b>	<b>349 840</b>	<b>1,4 %</b>

### Ressursfordeling

Av dei samla ressursane som seksjonen disponerte i 2017 gjekk nær halvparten til drift av grunnskulane i kommunen. 28% gjekk til å kjøpe barnehagetenester frå dei private barnehagane. Barnevernet utgjorde 10,2 % mens seksjonen nytta 4,1 % til kulturføremål og 3,1% til førebyggjande tenester skulehelseteneste og helsestasjon. Heile 4,1% av ressursane har gått til introduksjonsordninga i 2017 (15 mill. kr.)



#### Dei første åra

Bømlo kommune har hatt full barnehagedekning i mange år og andel barn i alderen 0-5 år i barnehage er høgare i Bømlo enn i landet sett under eitt. Barnetalet i barnehagane pr. 15.12.17 var 700, marginalt lågare enn på same tidspunkt i fjar. 13% av desse kjem frå minoritetsspråklige familiar.

Ordninga med kommunal kontantstønad for born mellom 2 og 3 år er vidareført i 2017, men stadfesta avvikla frå 01.01.19. Tilsaman 12 familiar har nytta seg av dette i året som har gått, noko som er ein nedgang samanlikna med 2016. Om lag 40% av desse familiene har minoritetsbakgrunn.

Auka kapasitet på kommunenivået har gitt svært gode resultat i form av tettare oppfølging og styring av barnehagane både knytt til rammer og innhald.

Barnehagetilbodet skal vere tufta på ei heilskapleg pedagogisk tilnærming til omsorg og læring og respekten for barndomen sin eigenverdi. Dei siste kvalitetsmeldingane for både skule og barnehage peikar på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som nøklar til eit utdanningssystem som bidreg til sosial utjamning.

Bømlo kommune tek desse utfordringane på alvor. I 2017 har det blitt jobba med utarbeiding av ein communal, digital handlingsrettleiar for betre tverrfagleg innsats (BTI). Målet er å styrke arbeidet med tidleg innsats, involvere foreldre på ein god måte og unngå tenesteavbrot.

Det vert også satsa betydeleg på kompetanseutvikling og systemarbeid i samband med satsingane *Språkkommune* og *Inkluderande barnehage- og skolemiljø*. Dette arbeidet har ført til auka samarbeid mellom barnehagar og grunnskular.

Brukarundersøkingar i barnehagane i Bømlo i viser at foreldra er generelt godt nøgde med det tilbodet dei får – her ligg ein rett over det nasjonale snittet.

Også i 2017 har utbetalinga til sektoren vore langt høgare enn det rammetilskotet kommunen får for å finansiere området. Dette har samanheng med at kommunen berre har private barnehagar og derfor må nytta nasjonale satsar. Det er likevel slik at Bømlo ikkje lenger er dyrast på dette området om me samanliknar oss med andre Sunnhordlandskommunar. Heile barnehagesektoren har eit underskot på 2,3 millionar kroner.

Utviding av ordningane med gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling har medført stor auke i sakshandsaming for kommunen. Samstundes er dette gode og treffsikre tiltak som bidreg til at betalingsevne ikkje vert eit like stort hinder for å kunne delta i den viktige arenaen for leik og læring som barnehagen er.

Kommunen har auka sin tilsynsverksemid i 2017. Det har vore gjennomført tilsyn etter forskrift om miljøretta helsevern i 6 av 8 barnehagar. Her er det svært gode resultat. Det er også gjennomført tilsyn etter barnehagelova.

6 av barnehagane har pedagogdekning over dagens normkrav, medan 2 ligg på normkrav.

I Bømlo har barnehagane ope i snitt 10,3 timer per dag. Dette er over landssnitt. To av barnehagane har foreldrebetaling som ligg under makspris.

## Grunnskule



Piloteringa av *Språkløyper*, gjennomført ved barneskulane Våge, Meling og Gilje, saman med erfaringane frå satsinga på lesing i *Ungdomstrinn i utvikling*, la grunnlaget for at kommunen i 2017 sökte om å få bli ein såkalla *Språkommune*. Satsinga inneber ekstern finansiering og kvalitetssikring, og starta hausten 2017. Dette forsterkar eksisterande innsats for å forbetre språk- og leseresultata.

Kommunen har, også i 2017, vidareført fokuset på å sikre elevane eit trygt og godt læringsmiljø. Frå skulestart hausten 2017 vart opplæringslova endra og krava til skulane og kommunen auka. Endringane innebar at skulane no har ein aktivitetsplikt for å medverke til at alle elevar har det trygt og godt på skulen. Målet er ikkje berre å unngå mobbing, men også krenkjande ord og handlingar som set elevane sin rett til eit godt skolemiljø i fare.

*Undervisning ved Meling skule. (Foto: Simon K. Sortland)*

Aktivitetsplikta inneber vidare desse delpliktene;

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setje inn tiltak

Kommunen har hatt særskilt fokus på opplæring av skuleleiarar og tilsette for å ivareta nye lovkrav og ein har innført nye digitale varslingssystem og verktøy for å sikre forsvarleg handsaming av saker.

12 lærarar har gjennomført vidareutdanning i 2017 innanfor den nasjonale ordninga *Kompetanse for kvalitet*. 2 lærarar har også gjennomført første del av lærarspesialistvidareutdanning med statleg støtte. I tillegg har 4 lærarar fått finansiert si vidareutdanning etter kommunal ordning. Samla fullførte og bestårte studiepoeng er 510.

Det har også vore gjennomført omfattande etterutdanning (kurs, workshops, nettverk, osb.) for både lærarar og assistenter. Kompetansehevinga har i stor grad vore knytt til lese-/skriveopplæring og godt psykososialt miljø/arbeid mot mobbing.



Open dag ved Bømlo vaksenopplæring er populært både for brukarar og publikum. (Foto: Simon K. Sortland)

Det har vore gjennomført fleire ombyggings- og restaurerings-prosjekt ved grunnskulane som har ført til forbetra inneklima og meir funksjonelle/moderne lokalar for både elevar og tilsette. Mellom anna har både Rubbestadneset og Våge skular fått nye fasilitetar til faget mat og helse («skulekjøkken»).

### Bømlo vaksenopplæring – BVO

Bømlo vaksenopplæring gir kommunale tenester til vaksne som har rett/og eller plikt til opplæring ut frå Lov om introduksjonsordning, samt ut frå Opplæringslova kap 4. Oppdraget er å leggje til rette, slik at flest mogleg av deltakarane vert kvalifisert til vidare utdanning, arbeid og som deltakar i det norske samfunn.

Tilbodet omfattar:

- Introduksjonsprogrammet
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Yrkesretta norskkurs
- Morsmålsstøtta lese- og skriveopplæring
- Eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne
- Spesialpedagogisk opplæring for vaksne
- Avvikling av alle nasjonale prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Realkompetanseurdering
- Rådgivning og karriererettleiing
- Foreldrerettleiing (PMTO og ICDP)

BVO har gode resultat på norskprøvane og 63% av deltakarane som avslutta introprogrammet i 2017 gjekk direkte ut i ordinært arbeid eller utdanning. I tillegg vert det tilbode kurs for bedrifter. Dette kan vere datakurs, lese- og skrivekurs (Kompetanse pluss). Ein tilbyr også norskkurs for arbeidsinnvandrarar.

I samband med at kommunane har fått ansvar for realkompetansevurdering av vaksne og at nye obligatoriske digitale prøveformer i norsk og samfunnskunnskap er innført, har arbeidsoppgåvene ved vaksenopplæringa auka mykje. I 2017 har også andre kommunar kjøpt tenester hos oss for vaksne som treng realkompetansevurdering.

### Integreringsmidlar

Kommunen busette 34 flyktningar i 2017, mot 59 året før. I tillegg kom 16 personar på familiesameining.

Etter at asylstrømmen avtok har kommunen i større grad fått tildelt overføringsflyktningar for busetjing. Sidan desse kjem direkte til kommunen, utan å først bu i mottak og dermed starte prosessen med å tilpassa seg det norske samfunnet, opplever tenestene våre at integreringsutfordringane aukar. Mange kjem også frå krigsherja områder og har med seg traume som må bearbeidast.

Dei ulike tenestene har i utgangspunktet ei fast overføring i budsjettet. Dette skal finansiere dei tilleggskostnadene t.d. skulane har med ekstra norskopplæring innføringsklassar, tolketenester m.m. For einskilde med omfattande og varige hjelpebehov kan det vere aktuelt å søkje om særskilt tilskot.

Den største utgiftsposten, forutan overføring til skular, er finansiering av introduksjonsprogrammet. Her får brukarane løn. Denne ordninga vert administrert av vaksenopplæringa. Vidare vert det nytta midlar til arbeidet som NAV utfører. Me finansierer helsetenester, tolketenester, tospråklege assistenter både i skule og barnehage og ikkje minst vert våre to innføringsklassar finansiert av desse midlane. Elles får kvar skule midlar frå dette ansvarsområdet ut frå kor mange born dei har med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskild språkopplæring. Det vert også nytta litt midlar på skyss.

### Bømlo kulturskule

Kulturskulen ivaretok eit mangfold av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne, så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse.

I 2017 har Bømlo kulturskule halde fram med arbeidet med implementering av ny rammeplan for kulturskulen i Noreg; «Mangfold og fordjuping». Rettleiingsprosjektet i lag med kommunane i Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS), har vore vidareført og har bidratt til kompetanse- og nettverksutvikling.

Ein viktig del av opplæringa er at elevane skal opptre/presentere produkta sine. I tillegg til sjølve undervisninga er det mange ulike arrangement i kulturskulen sin regi, som t.d. ulike opningar, kulturskuledagar i Moster Amfi med konserter og kunstutstilling, teater- og danseframseringar, sommarkavalkade i kulturhuset, samt adventskonserter i kyrkjene. Det er innslag frå alle disiplinar.

*Elevar frå Bømlo kulturskule underheldt på rådhuset sin julelunsj.  
(Foto: Simon K. Sortland)*



Det var i snitt 520 elevplassar i kulturskulen i 2017, med nokre fleire i vårhalvåret enn om hausten. Det er framleis ventelister, spesielt for teater. Gjennom ei omprioritering innanfor rammene har ein etablert eit nytt tilbod om vokalundervisning i året som har gått. Dette har vore etterspurt gjennom fleire år.



Moster opna nytt klubbhus klubbhus (Foto: Simon K. Sortland)

## Kultur, idrett og fritid

Bømlo kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv, så vel som ei spennande kulturhistorie, og arbeidet med ein kommunedelplan for kulturminne er godt i gong. Ein har til no jobba spesielt med registrering av freda og verna kulturminne.

Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken er begge nasjonale ordningar der målet er at henholdsvis grunnskuleelevar og eldre får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag.

Det har i 2017 vore gjennomført framsyningar/opplevingar i lokal regi, samt at skulane har fått tatt del i Hordaland fylkeskommune sine turneproduksjonar, som har vore spelt på skulane og/eller i Bømlo kulturhus. Om lag 1700 elevar har delteke på desse ulike arrangementa.

Bømlo kommune sitt hovudarrangement innanfor den kulturelle spaserstokken, «I manns minne», samla i overkant av 200 besøkjande i Bømlo kulturhus, der ein i år hadde samtalar rundt tilflyttarar til Bømlo gjennom tidene. I tillegg har det vore arrangert fleire foredrag, kurs og samlingar knytt til lokalhistoriske tema rundt i heile kommunen. Ein har også hatt konserter og framsyningar på institusjonane med ulike artistar.

Frå og med 2012 har kommunen gjennom ei eiga stønadsordning sikra at alle born under 12 år får fri tilgang til aktivitet i hall og denne ordninga vart vidareført i 2017.


Det blei utbetalt spelemedilar til fotball og turløype i regi av ulike lag og organisasjonar i 2017. Bømlo kommune har god anleggsdekning, og det er eit viktig førebyggjande arbeid som skjer i laga gjennom heile året. Moster idrettslag hadde opning av nytt klubbhus hausten 2017.

Ungdomsklubbane på Langevåg og Moster blei videreført i 2017, og har gode besøkstal. Målgruppa her er ungdom mellom 13–18 år.

Kommunen har som mål å ha tett dialog med lag og organisasjonar både samla og kvar for seg. Etablering av faste dialogmøter og prosjektutvikling knytt til frivillighet med høve for ekster finansiering er nokre av tiltaka det har vore jobba med. Kommunen ynskjer å vera ein god tilretteleggjar og bidreg både gjennom investeringar og stønad til investeringar, samt gjennom ulike stønadsordningar til kultur- og idrettslivet.

Anita P. Økland og Audun Økland mottok eldsjelprisen for sitt mangeårige engasjement i speidargruppa på Meling.

### Bømlo folkebibliotek



Skulebiblioteket på Meling er populært. (Foto: Simon K. Sortland)

#### Aktivitetar og besøk:

På grunn av mange arrangement i 2017, hadde me ei auke i publikumstal på 57% frå 2016. I løpet av fjaråret hadde me besøk av 1056 born på lesestunder og 511 born/ungdom på leksehjelp. Dei tre arrangementa om psykisk helse var også særpopulære. Me hadde ei lita auke i besøkstalet frå 2016, det har vore 27 257 personar innom biblioteket i 2017.

I desember 2016 vart filialen på Hillestveit skule sjølvbetjent og vi ser at den blir mykje brukt. Når me ser på besøkstalet for heile dagen (medrekna skulebruk) ser vi at 1390 har besøkt filialen i 2016. Det er 375 stk. som har besøkt filialen på kveldstid når den er sjølvbetjent.

Lokalhistorie engasjerer på Bømlo. Det kjem mykje folk på historiekveldar. På historiekvelden om Wichmann, som vi hadde på Bømlo hotell, kom det 130 stk. Rett før jul hadde me eit veldig populært arrangement, der fleire lag og organisasjonar gjekk saman om å lage gratis juleverkstad for born i biblioteket.

Bømlo folkebibliotek har også jobba bevisst med å utvikle biblioteket som eit lågterskeltilbod for alle, med eit særleg fokus på å bli ein enno betre integreringsarena. Her har ein fått eksterne prosjektmidlar til å utvikle både interne tilbod og tilbod i samarbeid med frivillige lag/organisasjonar.

#### Utlån:

Bømlo folkebibliotek hadde ein nedgang i utlånet av papirbøker på 7%, medan me hadde ein oppgang i utlånet av e-bøker på 63%. Me hadde forventa at utlånet av e-bøker ville auke enda meir, men det utgjer berre 3% av utlånet totalt. Noko som stemmer med landet elles.

## Barne- og familietenesta

Denne tenesta omfattar tilbod til born og unge under 18 år. Skulehelseteneste, helsestasjon, flyktinghelse, PPT og tiltaksteam inkl. sosiale tenester er ein del av dette ansvarsområdet. I tillegg har tenesta ei eiga avlastningseining (bustad). Tenesta har plassutfordringar og det er sett i verk eit arbeid for å løyse behovet både på kort og lengre sikt. Det er stort press på alle desse tenestene, men ein har no stabil arbeidskraft.

Det er framleis trøng for å utvide skulehelsetenesta sin kapasitet, sjølv om ein no nærmar seg eit ressursnivå på linje med nasjonale tilrådingar. For å møte utfordringar knytt til psykisk helse og mobbeproblematikk i grunnopplæringa er eit godt, robust og tverrfagleg samarbeid mellom skulehelsetenesta og grunnskulane avgjerande. PPT-kontoret har stabil og god arbeidskraft. Sjølv om det framleis kan vere ventetid for å få utarbeidd sakkunnige vurderingar er det no god oversikt over utfordringane. Med eigne systemansvarlege i tenesta vert det satsa ekstra på førebygging og systemisk arbeid i lag med barnehagar og skular. Det vert framleis jobba målretta med nyrekryttering og vidareutvikling av utgreiingskompetanse i PPT.

Avlastningsbustaden gir tilbod til nærmere 20 brukarar. Nokre av desse har avlastning på ettermiddag, nokre har tilbod i helgar og nokre har tilbod om vekeopphold. Denne eininga leverer også tenester til andre kommunar i Sunnhordland.

I 2017 fekk barne- og familietenesta tildelt eit treårig prosjekt i foreldrestøttande tiltak med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUFDIR) som oppdragsgjevar. Fokusområdet her er foreldretiltak til innvandrarfamiliar. Bømlo er også ein såkalla TIBIR-kommune (Tidleg Innsats for Barn i Risiko) i regi av Nasjonalt utviklingscenter for barn og unge (NUBU). Her vert det jobba med tiltak på system-, gruppe- og individnivå med mål om å hjelpe barn med samspelsvanskar i alder 3-12 år. Det nye arbeidet med foreldrestøttande tiltak vert sett i samanheng med eksisterande TIBIR-satsing. Ein jobbar også med opplæring av kulturtolkar saman med helsesøstrene.

## Barnevern

Barnevernet vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Stord er verkskommune og ansvaret for drifta er såleis delegert frå kommunestyret i Bømlo til råmannen i Stord kommune.


Eininga har, som førre år, eit stort meirforbruk i 2017 og det vert kontinuerleg arbeidd med å sikre betre og meir korrekt rapportering gjennom året. Meirforbruket er knytt til born utanfor heimen. Det er eit mindreforbruk når det gjeld hjelpetiltak i heimen. Tal meldingar til barnevernet i 2017 er 119, mot 108 i 2016. Ein arbeider kontinuerleg med å sikre at bekymringar vert fanga opp og meldt så tidleg som mogleg.

Samla er det 154 born som har fått hjelpetiltak frå barnevernet i 2017. Dei fleste born får hjelpetiltak i heimen, men det er også nokre born som får tiltak utanfor heimen – omsorgsovertaking. Dette gjeld 25 born i løpet av året. Det er framleis litt fleire gutter enn jenter som får tilbod frå barnevernet. Det er også nokre få born frå Bømlo som er plassert i institusjonar. Dette er svært kostbare tiltak og er noko av grunnen til det økonomiske meirforbruket.

Laurhammar bufellesskap er eit tiltak for einslege mindreårige flyktningar. Tiltaket er heimla i barnevernslova. Tidlegare var statleg delfinansiering av slike butiltak avhengig av formelle vedtak og dermed oppfølging frå barneverntenesta. Etter ein omlegging av finansieringssystemet fall desse vilkåra vekk og Bømlo kommune har i løpet av 2017 tatt over den direkte oppfølginga av tiltaket.

Avdelinga Laurhammar bufellesskap har to hus med til saman 9 bebuarar. I tillegg får fleire ungdommar oppfølging på eigen hybel. Ungdommane som vert busett kjem til Bømlo hovudsakleg på førespurnad frå Barne, ungdoms- og familieetaten (Bufetat).

## HELSE, SOSIAL OG OMSORG



### Målsetjingar for HSO:

- Bømlo kommune skal stimulera til og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premissar meistrar eige liv.
- Bømlo skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad.

### Innleiing

Innbyggjarane som får tenester frå helse, sosial og omsorg er svært ulike både i alder, eigenressursar og behov. Det er eit mål at tenestene skal vera best mogleg tilpassa den enkelte sine behov og gjera dei i stand til å vera mest mogleg sjølvhjelpe. Tenestene har òg høgt fokus på at brukarar skal oppleva at tenestene er samordna og at me praktiserer reell brukarmedverknad både på system- og individnivå.

Kommunestyret vedtok kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2017-27 i desember 2016. Det er i tillegg utarbeidd handlingsplan for 2017.

Planen har fire fokusområder:

1. Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.
2. Tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som koordinator og tilretteleggjar.
3. Målretta utvikling av tenestetilbodet (bevisst prioritering og nytenking, meir fokus på førebygging og eigenmeistring, organisering og lokalisering).
4. Målretta satsing på rekruttering og kompetanse.

### Mål og måloppnåing 2017

Helse-sosial-omsorg har dei siste åra gjennomført ei rekke krevjande endringsprosessar. Medarbeidarar har ytt stor innsats, vore fleksible og utviklingsorienterte. I tillegg til dagleg drift har det vore prioritert utviklingsarbeid med utgangspunkt i handlingsplan for 2017. Mellom anna:

#### Fokusområde 1: Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.

- Deltatt i læringsnettverk «recovery» innan rus/ psykisk helseteneste og læringsnettverk for godepasient forløp for eldre og kronisk sjuke.
- Hatt fokus på tett dialog med brukarorganisasjonar

**Fokusområde 2: Tettare samarbeid med eksterne aktørar.**

- Deltatt i ulike fora for utvikling av samarbeid med eksterne aktørar (frivillige organisasjoner, grendautval etc).

**Fokusområde 3: Målretta utvikling av tenestetilbodet**


I 2017 starta ein stor satsing på opplæring i Motiverande samtale. Opplæringa er eit samarbeid med KorRUs Bergen. Om lag 85 tilsette frå ulike tenester i Bømlo kommune deltok på oppstartsamtlinga juni 2017. (Foto: Simon K. Sortland)

- Vidare utprøving av «helseteam for eldre»
- Vidare utprøving av ulike friskliv/LMS-tiltak
- Vurdert stilling som frisklivs-/LMS-koordinator (vore til politisk handsaming)
- Igangsett utprøving av dagreheabilitering
- Beslutta oppretting av nytt nivå på tenestetrappa (omsorgsbustadar med tilpassa bemanning har vore til politisk behandling)
- Vurdert av produksjon av varmmat (har vore til politisk handsaming)
- Igangsett vurdering av strukturelle endringar knytt til sjukeheitsdrift/ heimetenester (har vore til politisk handsaming)
- Starta opp nytt tilbod knytt til kommunale øyeblikkeleg hjelp døgnsenger/ observasjonssenger/ hatt fokus på å samkøyra nytt tilbod med øvrig kommunalt tilbod
- Vidareført prosjekt knytt til samhandling/samorganisering innanfor feltet rus og psykisk helse.
- Gjennomført tilsyn på området rus psykisk helse. Fylkesmannen fann ingen avvik.
- Etablert ordning for aktivitetsplikt for personar under 30 år som mottek sosialstønad
- Utarbeida plan for legetenesta
- Etablert struktur for samhandling mellom legar og kommunale tenester
- Inngått av rammeavtale om innkjøp av omsorgsteknologi. Etablert prosjektgruppe.

**Fokusområde 4: Målretta satsing på rekruttering og kompetanse.**

HSO har òg i 2017 prioritert ei målretta satsing på rekruttering og kompetanse. Større satsingar har vore kompetanseheving innan Motiverande samtale og akuttmedisinsk eldreomsorg.

## Økonomisk resultat 2017:



Seksjon 3 har brukt 253,9 mill kr som fordeler seg på dei ulike tenestene som vist i figuren over.

	Rekneskap 2017	Opphavleg budsj. 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik	Rekneskap 2016
Helse, sosial og omsorg	253 954	249 915	255 883	1 929	238 192

### Avviksforklaring økonomisk resultat

Helse, sosial og omsorg har i 2017 samla har oppnådd eit positiv resultat på om lag 1,9 mill. Resultatet er sett saman av fleire element, mellom anna:

- God styring der leiarar har vore tett på drifta og hatt eit høgt fokus på budsjett/resultat.
- Høgt fokus på å søkja eksterne midlar .
- Nokre endringar i brukarsamansetjing som har gitt lågare utgifter enn budsjettet.
- Nokre tenester har hatt negative avvik/særskilte utfordringar med å halda rammene (jf. forklaring nedanfor)

### Tenestekontoret

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av om lag alle helse- og omsorgstenester til personar over 18 år i kommunen. Kontoret har òg koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. I tillegg er kreftkoordinator og demenskoordinator tilsett i tenesta. Medarbeidarar har møte med brukarar og pårørande i komplekse saker der ein skal drøfte seg fram til mål og tiltak tilpassa den einskilde.

### Avviksforklaring økonomi

Tenestekontoret har eit positiv avvik. Dette skuldast i hovudsak ubesatte stillingar utan vikarinnleige.



## Pleie og omsorg, hjelp i heimen

Helsenester i heimen, personleg assistanse, hjelp og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsløn, tryggleiksalarm og matombringning. Helse- og omsorgstenester i heimen blir ytt frå Bømlo heimetenester (som dekkjer områda Bremnes og Moster), Søra Bømlo omsorgsområde og Habiliteringstenesta (som i hovudsak yt tenester til personar med utviklingshemming gjennom bu- og dagtilbod).

Dagtilbod for eldre og demente frå heile Bømlo ligg i Trivselshuset. På Søra Bømlo er det i tillegg dagtilbod 1 dag i veka.

Målsetjinga er å yta gode individuelle tenester til brukarane utifrå dei ressursane ein har til rådvelde og sikra god kvalitet og koordinering av tenestene. For å få gode tenester er det viktig å ha fokus på utvikling av kvalitet og kompetanse. Trivsel på arbeidsplassen, god rekruttering og lågt sjukefråvær for tilsette er òg sentrale element. Vidare vil det vera viktig å stimulera til at brukarane på best mogleg måte meistrar eige liv.

**Tabellen under viser forbruk av omsorgstenester fordelt på ulike aldersgrupper.**



## Bømlo heimetenester og Søra Bømlo omsorgsområde

Bømlo heimeteneste og Søra Bømlo yt helse og omsorgsteneser i heimen til personar over 18 år. Mange brukarar og pasientar som kjem tidlegare ut frå sjukehuset set store krav til ressursar og kompetanse i heimetenestene.

Bømlo heimenester hadde eit positivt avvik i 2017. Søra Bømlo omsorgsområde hadde eit negativt avvik. Negativt avvik skuldast i all hovudsak brukarsamansetjing i institusjonsdrifta.

Begge tenester har ei aktiv styring og iverksetjing av tiltak for å halda dei økonomiske rammene. Det er halde ledig stilling og ein har vore restriktiv med innleige ved fråvær, samt gjennomført tiltak i ferieperioden.

*God trivsel og mange ulike oppgåver i Søra Bømlo omsorgsområde.  
(Foto: Torhild Siggervåg)*



## Habiliteringstenesta

Habiliteringstenesta gjev tenester i heimen til vaksne personar med omfattande hjelpebehov. I all hovudsak personar med utviklingshemming. Tenesta driv òg dagtilbodet «Aktivitetstunet». I 2017 var eit nytt bufellesskap med 5 ungdommar lagt til tenesta. Habiliteringstenesta har eit negativt avvik som i all hovudsak blir kompensert av meirrefusjonar knytt frå ressurskrevjande tenester.

## Psykisk helse

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem, tverrfagleg samarbeid. Verksemda har òg ei miljøteneste og eit dagtilbod (Nyving). Nyving er ein møteplass som tilbyr aktivitetar og eit sosialt fellesskap. Det har vore vurdert og beslutta ny organisering av tenesta. Tenesta har eit negativt avvik i 2017 som i all hovudsak skuldast tariffesta tillegg/ vikarmidlar og variable lønspostar i miljøtenesta.

## Sjukeheim:

Langtids-/korttids sjukeheimspllassar omfattar medisinsk behandling/oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til generell geriatri, demens, psykiatri, og til pleie i terminal livsfase. Institusjonane har mange aktivitetstiltak i samarbeid med frivillige. Ein opplever at arbeidsmengd og krav til kompetanse har auka knytt til at brukarar med meir omfattande hjelpebehov vert innlagt på institusjonen. Dette m.a. gjennom tidlegare utskriving frå sjukehus. I 2017 har det i hovudsak vore 99 institusjonspllassar i bruk i Bømlo kommune.

	Spesial-sjuke-heim	Langtids-plasser (inkl. rul-lering)	Korttids-plasser	Rehabili-terings-plasser	Sum	Plassar som ik-kje er i bruk	Sum inkl ubruk e rom
Bømlo bu og helsecenter (Svartland)	0	59	7	5	71	14	85
Bømlo omsorgstun (Langevåg)	0	10	2		12	5	17
Teiglandshagen (Moster)	16				16	0	16
<b>SUM</b>	<b>16</b>	<b>69</b>	<b>9</b>	<b>5</b>	<b>99</b>	<b>19</b>	<b>118</b>

Sjukeheimane har aktiv styring og iverksetjing av tiltak for reduksjon av kostnader gjennom fleksibel bruk av ressursar og redusert innleige av vikarar. Inntekter i institusjonane vil variera ut frå bruk av plassar. Bømlo bu og helsecenter og Teiglandshagen hadde positive avvik i 2017. Søra Bømlo omsorgstun hadde negativt avvik. Dette skuldast i all hovudsak endringar i brukasamansetjing.

## Interkommunale døgnsenger



Bømlo kommune disponerer del av 5 observasjonssenger i interkommunalt samarbeid med Stord og Fitjar kommune tilknytt Sunnhordland Interkommunale legevakts IKS, samt 4 felles plassar for øyeblikkeleg hjelp døgntilbod styrt gjennom innlegging av lege. Sunnhordland interkommunale legevakts IKS (som har ansvar for døgnsengene og legevakts) hadde i 2017 eit vesentleg positivt resultat.

Bømlo kommune hadde likevel eit minusresultat på området i 2017 då det ikkje var tilstrekkeleg budsjettert. Styret og representantskapet skal ta stilling til disponering av overskotet i selskapet.

*Opninga av den nye interkommunale legevakta på Stord. (Foto: Simon Knutsson Sortland)*

## Legetenesta

Bømlo kommune har 13 fastlegar og 1 tur-nuslege fordelt på 4 legekontor. Fastlegane har i tillegg til fastlegeoppgåver også kommunale bistillingar knytt til helsestasjon, skulehelsetenesta, legevakt og ved institusjonane. Tenesta hadde eit mindre negativt avvik som skuldast innleige av vikar.



Bremnes legesenter flytta opp i nye lokaler i Bømlo helsehus i 2017. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

## Helsetenesta


### Ergo/ fysioterapitenesta inkl. Hjelpemiddellager

Verksemda yt tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, institusjon, heim og poliklinisk. Tilsette samarbeider tverrfagleg intra-/interkommunalt og med spesialisthelsetenesta. Målsetjinga med ergoterapitenesta er å leggja til rette for at tenestemottakar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnad. Fysioterapitenesta har som mål å yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogleg for å betre/oppretthalde brukars funksjon og førebyggja forverring. Prioritering blir gjort ut frå behov og alvorsgrad. Tenesta hadde eit positivt avvik i 2017 som skuldast ledige lønnsmidlar.

## NAV

NAV yt tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV – i tillegg til Lov om kommunale helse om omsorgstenester (rus, hjelpetiltak osv). Hovudvekt ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing (inkl gjeldsrådgjeving) og særskilte tiltak for rusmiddelavhengige. Arbeids- og aktivitetstilbodet Basen og flykningetenesta ligg òg til NAV. Eininga har hatt god effekt av ulike prosjektsatsingar som Jobbsjansen og ressurskoordinator barnefattigdom. NAV hadde 2017 eit negativt avvik som er knytt til høge utbetalingar på økonomisk stønad og kvalifiseringsstønad.

## TEKNISK AVDELING



### Innleiing

Teknisk avdeling har ansvar for planlegging av investeringsprosjekt, vedlikehald av bygningar og kommunale vegar, handsaming av saker etter plan- og bygningslova i høve reguleringsplanar, kommuneplan, anna arealdisponering, frådeling og byggjesaker, landbruk- og miljøsaker samt forvaltning av eigedomsskatt.

### Økonomisk resultat 2017

Økonomisk resultat	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Arealbruk (totalt) og kommuneplan	1 599 751	891 898	-2 707 853	-79,36 %
Landbruk/miljø	1 538 361	1 764 025	226 516	12,83 %
Eigedomsskatt	1 378 835	1 190 554	-188 281	-15,81 %
Teknisk drift (totalt) inkl.	34 933 393	32 999 144	-1 934 2249	-5,86 %
4* Teknisk Avdeling	39 450 340	36 846 597	-2 603 867	-7,07 %

### Ansvarsområda under teknisk avdeling

#### Arealbruk/Landbruks- og miljøavdeling/Teknisk drift

Sakshandsaming av:

- Kommuneplan, reguleringsplanar, planprogram og konsekvensanalysar
- Jordlovshandsaming, konsesjonssøknader, oppdrettssaker og miljøsaker
- Søknad til Innovasjon Norge og tilskot til spesielle miljøtiltak SMIL
- Søknad om produksjonstilskot, avløysartilskot og avløysing ved sjukdom samt administrasjon av veterinærvaka
- Forvaltning av friluftsområda i samarbeid med Friluftsrådet Vest
- Saksbehandling vilt og miljøsaker
- Byggesaker (inkludert tilsyn og kontroll), delingsaker, utslepp, eigarseksjonering
- Kart- og oppmålingssaker

- Gjennomføring av møter og kundebehandling
- Oppdatering av eigedomsbasen DEK og føring i Matrikkelen
- Eigedomskatt
- Drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegar og grøntanlegg
- Styring av energiforbruk og enøk tiltak
- Oppfølging av reinhaldskontrakt
- Planlegging og gjennomføring av vedlikehald- og nybyggingsprosjekt
- Tildeling av vegnamn, adressering og montering av skilt
- Kvalitetssystem
- Infoland
- Kundetorg og internettssider teknisk avdeling

**Mål og måloppnåing:**

Aktivitet	2015	2016	2017
Vedtekne reguleringsplanar	7	12	9
Byggjesaker (søknad utan ansvarsrett)	160	147	123
Byggjesaker (søknad med ansvarsrett)	270	258	277
Tilsyn i omsøkt/ikkje omsøkt byggjesaker	17	8	11
Pålegg i byggjesaker	15	2	6
Delingsvedtak	139	97	84
Matrikkelbrev	338	242	290
Frådelingssaker etter jordlov	11	21	13
Konsesjonsaker	11	10	6
Søknad om produksjonstilskot i landbruket	100	95	99
Søknad om SMIL-midlar	12	12	17

**Avviksforklaring:****Arealbruk/Eigedomsskatt:**

Arealbruk har eit negativt avvik på 1 357 kr. Avviket skuldast sviktande inntekter i tenesteområda plansak og byggjesak/deling. Dekningsgrad for sjølvkostområda i 2017 er for teneste 3010 plansak 86%, teneste 3020 byggjesak og deling 92%, teneste 3030 oppmåling 80 %. Tidlegare års underskot gjer at tenesteområdet framleis går med underskot.

Avgiftsnivået skal sjåast over ein 3- 5 års periode. Utført sjølvkostrekneskap for 2017 syner at vi ligg innanfor desse rammene men inntektsgrunnlaget på plansak og byggjesak/deling har auka noko i høve 2016. Dette skuldast utført noko meir saker enn tidlegare år. I budsjettet for 2017 er det lagt opp til gebyrauke for alle desse tenesteområda.

**Landbruk/miljø:**

Landbruks- og miljøavdelinga har eit positivt avvik på kr. 226 516. Dette skuldast mindre utgifter til vassprøvetaking i 2017 og noko meir statstilskot til veterinærkraftene enn det som låg i budsjettet. I tillegg har avdelinga hatt mindre utgifter til viltforvaltning og utgifter til kontormateriell på landbruksavdelinga.



Nye Bremines ungdomsskule og Bømlo symjehall var det største kommunale prosjektet i 2017. (Foto: Simon K. Sortland)

### Teknisk drift:

Teknisk drift har eit negativt avvik på kr. 2 603 867.

### Reinhold

Reinhold vert kjøpt av Elite Service Partner AS. Reinhold på institusjonar inngår ikkje i denne kontrakten. Prisstigning og en del ekstra vask/utvask etter oppussing i diverse kommunale bygg har medført noko meir forbruk på kr.0,256 mill. i 2017.

### Forsikring

Bømlo kommune fortsetter samarbeidet med Waco forsikringsmekling i 2017 også. Kommunen betalte 1,0mill kr. i forsikring av bygg og 0,2mill kr. for autoforsikring.

### Energi

	Bømlo 2015	Bømlo 2016	Bømlo 2017	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 11
Kommunale energikostnader, per inn-byggar	655	735	779	878	895	1 072

Tabellen over syner energikostnaden pr innbyggjar i kommunen, og utviklinga i denne dei siste 3 åra. Kommunen har framleis eit energiforbruk som er lågare enn gjennomsnittet og nabokommunen. Auken frå 2016 til 2017 på 5,8% heng saman med høgare forbruk, samt høgare straumprisar i 2017 enn 2016. Kommunen fekk grunna dette eit meirforbruk på 0,2 mill kr. Bømlo kommune har fått ny leverandør av kraft «LOS ENERGY AS». Grunna litt kaldare haust og vinter har straumforbruket auka med omlag 1,07%.

### Bygningsvedlikehald

Bygningsvedlikehald fungerer godt og effektivt i ein generasjonsskifte periode. Kommunen driftar no om lag 53263m<sup>2</sup> bygningsmasse. Det er utarbeidd ein overordna drifts- og vedlikehaldsstrategi for kommunale bygg. Målet for avdelinga er framleis førebygging.

Avdelinga er serviceinnstilt og har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsrutinar. Utført mykje godt vedlikehald på alle kommunale bygg og institusjonar, slik at brukarane har komfortable arbeidsplassar

og godt arbeidsmiljø. Eldre bygg og anlegg treng oppgradering og ein del skular har ikkje tilstrekkeleg ventilasjonsanlegg. Utfordringa er å gjennomføra naudsynt vedlikehald med dei midlane som vert stilt til rådvelde. Avtale med BKE om leige av driftspersonell vert oppretthalden men i mindre omfang enn før.

## Grønt og samferdsel



Skogrydding er ei viktig oppgåve. (Foto: Simon K. Sortland)

Område grønt og samferdsel fungerer godt og effektivt. Kommunen får utført mykje godt arbeid både med rutineoppgåver og prosjekter. VedlikehalDET som blir utført langs vegnettet er mange og store. Kommunen vil på sikt få meir vegareal til vedlikehald som følge av at fylkesvegar vert erstatta av nye vregar i «Bømlopakken», samt overtaking av vregar i private bustadfelt.

Dette medfører at avdelinga bør ha meir ressursar og midlar til vedlikehald av vegnettet. Auka nedbør gjev nye utfordringar i høve problem med overvatn og vatn frå takrenner som kjem frå dei kommunale byggA.

## Prosjekt

Investeringsprosjekt vert finansiert over investeringsbudsjettet. Store prosjekt i arbeid i 2017 har vore utbygging av nye Bremnes ungdomskule, ombygging Bømlo Helsehus og utdjuping av hamnebasseng ved Lyraholmen i Rubbestadneset.



### Brann og redning - feiing

Verksemda er delt inn i 2 hovudavdelingar:

#### Beredskap

Denne avdelinga er innsatsstyrke ved brann og andre akutte ulukker.

#### Førebyggjande

Oppgåva til denne avdelinga er brannførebyggjande arbeid slik som tilsyn i særskilde brannobjekt, motivasjons- og informasjonstiltak og feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

## Økonomisk resultat

Ansvar	Rekneskap 2017	Opphavleg budsj. 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik
BRANNVERN	9 263 627	9 178 910	9 212 646	-50 981
FEIING	-32 103	6	11098	43 201

## Avviksforklaring

Resultatet på område brannvern er så godt som i balanse. På område feeing, som er eit sjølvkostområde, er det trekt ein del frå tidlegare års overskot for å dekke kostnadene til vikar. Dette vart gjort på grunn av sjukefravær og for å innhente etterskot i arbeidet.

## Mål og måloppnåing

### Beredskapsavdelinga:

Brannberedskapen er i endring, noko tala for helseoppdrag, naturhendingar samt andre oppdrag viser tydeleg. Dette vart i 2017 markert ved at brannvernet endra namnet til Bømlo brann og redning for å få betre

samsvar mellom namn og oppdraga som brannvernet rykkjer ut til.



Dels som ei følgje av innføring av nytt naudnett, men også som ei tilpassing til endringar i type oppdrag vart det i året konkludert med behov for endring i vaktstyrken. Dette kom med i budsjettet for inneverande år og vert sett i verk frå 1. mai 2018. Dette fører til behov for ei lita auke i mannskapsstyrken. Det var to av mannskapa som gjekk av med pensjon i 2017, og det er gledelig å registrera at ved utlysing var det heile 38 søkerar til stillingar i beredskapen. Det vart tilsett 3 nye brannkonstablar i 2017. I året som gjekk var det 4 brannkonstablar som gjennomførte grunnutdanning, samt ein som vart utdanna til å være utrykkingsleiar.

Brannvernet har eit stort fokus på HMS arbeidet, og under tilsyn fra arbeidstilsynet vart behov for ny stasjon framheva. Bømlo brann og redning klarar ikkje å ivareta krav til skilje mellom rein og skitten sone i dagens stasjon. Det er satt av midlar til ny stasjon, og dette arbeidet går vidare i 2018.

*På oppdrag med Bjørnis. (Foto: Ragnhild Vad)*

Det vart i 2017 og satt av midlar til utskifting av redningsbilen til brannvernet. Denne bar preg av aldring og varetok verken behov eller tryggleiken til mannskapa lenger. Ny redningsbil kjem på plass i inneverande år.

Bømlo brann og redning vart i 2017 kalla ut til totalt 117 oppdrag. Hovudstasjonen på Svortland rykka ut på

88 av desse. Ei oppstilling av kva hendingar dette var kjem fram av tabellen. Dessverre opplevde brannvernet at to personar omkom i hendingar der me rykka ut til gjennom året.

### Førebyggjande:

Brannvernet har halde fram arbeidet med ny førebyggjande forskrift har i 2017. Ein av dei store endringane i ny forskrift er at brannvernet skal risikokartlegge behov for

både feeing, tilsyn med bustadar samt behov for tilsyn i særskilde objekt. Det meste av dette arbeidet har vorte utført i 2017. Hensikta med å behovsprøve dei oppgåvane som førebyggjande avdeling brukar mest til på er å frigjera tid til anna målretta førebyggjande arbeid.

<u>Beredskapshendingar 2017</u>	<u>Tal</u>
Brann i bygning	10
Trafikkulykker	6
Helseoppdrag	31
Akutt forureining	6
Unødige utrykkingar	29
Andre oppdrag	35
Totalt	117

Døme på slikt målretta arbeid vart og satt i gang i året som gjekk er førebyggjande aksjon for særskilte risikoutsette grupper i heimane deira. I dette arbeidet er det inngått samarbeidsavtale med heimetenenesta, det er utarbeidd sjekklister og målet er å førebyggja heimane til 520 personar i gruppa i samarbeid med om lag 100 tilsette i heimetenenesta.

Eit anna prosjekt på førebyggjande avdeling er «Bjørnis». Brannbamsen Bjørnis er eit nytt verktøy til bruk for brannvernet i førebyggjande arbeid. Kosebamsen Bjørnis sit i utrykkingsbilane slik at utrykkingsstyrken kan bruke den til å rette fokus til utsette barn ved alvorlege hendingar som dei vert utsett for.

Samtidig har brannvernet i 2017 starta eit nytt førebyggjande prosjekt retta mot førskuleborna i barnehagane i kommunen. Første året deltok alle 8 barnehagane og om lag 150 born hadde brannbamsen med heim for å sjekka branngryggleiken der. Dette arbeidet tok mykje tid for brannvernet, men vart godt motteke og brannveret vil derfor halde fram med målsetting om å gjere det til eit fast førebyggjande opplegg for barnehagane. Brannvernet vart tildelt kr. 50.000,- i støtte til dette prosjektet gjennom «Det store brannløftet», samtidig som aksjonen for risikoutsette grupper vart tildelt ein liknande sum.

Også i 2017 har Bømlo brann og redning delteke ved, og gjennomført ei rad øvingar. Dette er for verksemder, institusjonar, organisasjonar samt ulike grupper som ynskjer hjelp til øvingar.

Brannvernet har delteke ved ulike sentralt styrte førebyggjande kampanjar som «Brannvernveka» og «Aksjon boligbrann». Det er gjennomført undervising for heile 6. klassetrinnet i grunnskulen, og det har og vore gjennomført tilsyn med særskilde brannobjekt.

### **Feiing:**

Ny førebyggjande forskrift har som nemnt ført til at Bømlo brann og redning har gjennomført risikokartlegging av behov for feiing og tilsyn. Fokus på nye arbeidsmetodar for å betre arbeidsmiljøet til feiarane held fram og ein ny feiarbil vart kjøpt inn i 2017. Dermed har begge feiarbilane innreiing som deler skitten og rein sone i bilane. Feiarane kan reingjere seg ute på staden der dei arbeidar, og eit mål er nådd i HMS–arbeidet.

*Branninspektør Bjørn Kjetil Ljosdal og kollegaene i feienstenesta fekk seg ny moderne feiebil i 2017.  
(Foto: Simon Knutsson Sortland)*



På grunn av lang tids sjukemelding vart det seint i 2016 tilsett ein feiar i mellombels vikariat. Brannvernet klarte å halde på denne vikaren i arbeid heile 2017 ved å bruke av tidlegare oppsparte midlar. Feiarvesenet har dermed klart å hente inn fleire års etterskot på feiing og tilsyn, og ved utgangen av året kunne ein konkludere med at målet var oppnådd.

### **HMS:**

Brannvernet har stort fokus på rutinar og vask av arbeidstøy for å redusere kreftfaren hjå brannkonstablane og feiarane. Det er og kjøpt noko nytt tøy for å kunne ha skift av forureina utrykkingstøy, samt skifta ut ein del hjelmar som eit ledd i HMS – arbeidet.


## KYRKJELEGE FØREMÅL

Under denne seksjonen ligg tilskot til Kyrkjeleg fellesråd og kommunalt tilskot til andre trudoms- og livssynssamfunn. Syner elles til Bømlo Kyrkjeleg fellesråd si årsmelding.

### Økonomisk resultat

	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Avvik	Avvik i %
Total ressursbruk	8 472 483	8 480 960	8 476	0,1

Ressursene er fordelt slik på dei ulike tenestane innan ansvarsområdet.



### KOSTRATAL

	Bømlo 2015	Bømlo 2016	Bømlo 2017	Landet 2017	Kostrat-gruppe 11
<b>Prioritet</b>					
Netto driftsutgifter tilskudd til tros- og livssynssamfunn pr. innbygger i kroner	37	43	43	68	42
Netto driftsutgifter til kyrkjeleg administrasjon og gravplassar pr. innbygger i kroner	640	659	670	575	682
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,2 %	1,2 %	1,1 %	1,1%	1,2%
<b>Dekningsgrad</b>					
Medlem og tilhøriget i Dnk i prosent av antall innbyggere	81,2 %	80,6 %	80,2 %	70,5 %	80,0 %
Medlemmer i andre trudoms- og livsynssamfunn utanfor den norske kyrkje	6,9%	7,6%	7,6%	11,7%	7,3%
<b>Kvalitet</b>					
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	77,2 %	79,6 %	76,3%	57,5 %	71,4 %

Andelen av kommunen sine innbyggjarar som er medlem av den norske kyrkja har gått ned dei siste åra. Andelen av ungdom som konfirmerer seg varierer noko, men er framleis høgare enn for andre samanliknings-kommunar og landsgjennomsnittet.



Kransalag for nye Bremnes ungdomsskule våren 2017. (Fotos: Simon Knutsson Sortland)

